

Tala i Kulturløftet

Del 2

Realveksten i Kulturløftet - utvikling og fordeling etter område og formål

Georg Arnestad

(november 2012)

**Notat utarbeidd for
Kulturutredningen 2014 (Enger-utvalet)**

Føreord

I denne delen av arbeidet vert det gitt eit oversyn over korleis realveksten i Kulturløftet fordeler og utviklar seg i løpet av perioden 2006-2013. Formålet med arbeidet å svare på dei spørsmåla i mandatet som dreier seg om få tak i særtrekk ved utviklinga i løyvingar innanfor dei ulike budsjettkapitla og analysere disse “med henblikk på

- fordelingen av bevilgninger mellom kunstarter/sjangre innanfor de ulike budsjettkapitlene
- hvilken innretning har veksten hatt innanfor de ulike budsjettkapitlene (dreier det seg om styrking av eksisterende institusjoner, oppbygging av nye institusjoner, finansiering av prosjekt, osv.)”

I mandatet heiter det vidare at “Konsulenten skal også synleggjøre andelen av realveksten som har gått til kunstnerisk/faglig aktivitet og andelene som har gått til andre formål.”

Hovudkjelda for arbeidet er materiale (lister/oversyn) som er utarbeidd årleg i departementet om realveksten i dei ulike postane i kulturbudsjettet. Eg har også brukt dei årlege budsjettproposisjonane frå Kulturdepartementet.


Ein *første* versjon av dette dokumentet vart utarbeidd i mai 2012, og omfatta då Kulturløftet for perioden 2006-2012. Denne reviderte versjonen vart utarbeidd etter at budsjettala for 2013 var lagde fram.

Sogndal 21.11.2012

Georg Arnestad

Oppsummering

Kulturløftet er namnet på den satsinga som har lege til grunn for kulturpolitikken i den raud-grøne regjeringa sidan ho overtok i oktober 2005. Kvart år i budsjettperioden har Kulturdepartementet utarbeidd eit oversyn over kva for tiltak som skal høyre under Kulturløftet det kommande budsjettåret. Min analyse av Kulturløftet er basert på desse oversyna. Figuren nedanfor gir eit oversyn over storleiken på Kulturløftet det enkelte år. Kulturløftet er definert som summen av den realveksten som er lagt inn i kvar enkelt budsjettpost som høyrer under Kulturløftet. Det gjeld områda frivillighet/samfunn, kulturformål og film-/medieformål. Det gjeld òg spesifiserte utgifter over budsjetta til andre departement. Figuren nedanfor viser både den samla realveksten i Kulturløftet og i den delen av Kulturløftet som høyrer heime i “moderdepartementet”, dvs. Kulturdepartementet.




Realveksten per år og område i Kulturløftet 2006-2013 går fram av tabellen nedanfor (tal i 1000 kroner):

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Sum
Kulturløftet i alt	167 000	357 000	311 000	540 700	656 500	494 700	305 400	581 600	3 413 900
Kulturdepartementet	147 000	346 400	306 000	530 700	583 500	440 200	168 900	525 800	3 048 500
Andre departement	20 000	10 600	5 000	10 000	73 000	54 500	136 500	55 800	365 400
Kulturdepartementet:									
Frivillig verksemd	17 000	21 500	7 600	20 200	210 700	263 000	-	304 300	844 300
Samiske kulturformål	7 000	2 000	4 100	6 100	1 400	-	900	-	21 500
Nasjonale kulturbygg	2 500	47 500	23 200	69 000	11 600	200	500	21 400	175 900
Kunstnarformål	3 000	400	2 400	7 300	5 000	-	5 700	3 500	27 300
Biletkunst mm	5 200	17 800	19 900	24 100	18 500	5 300	1 900	18 100	110 800
Musikkformål	22 000	46 200	50 600	99 200	64 000	33 900	34 900	30 200	381 000
Scenekunstformål	15 300	61 100	76 600	88 800	107 000	57 000	36 000	63 600	505 400
Litteratur, språk, bibliotek	8 000	22 300	31 500	42 300	36 900	8 100	10 700	7 100	166 900
Museum og kulturvern	5 000	34 500	29 000	83 000	46 000	27 600	30 500	21 900	277 500
Arkivformål	-	3 600	13 100	13 700	14 200	5 800	17 600	15 300	83 300
Filmformål	14 000	20 200	14 100	34 700	37 800	18 500	19 800	15 400	174 500
Medium/pressestøtte	17 300	21 500	-4 200	3 200	4 000	1 000	-3 000	10 500	50 300
Andre formål	30 700	47 800	38 100	39 100	26 400	19 800	13 400	14 500	229 800
Sum Kulturdepartementet	147 000	346 400	306 000	530 700	583 500	440 200	168 900	525 800	3 048 500

Tabellen viser at den samla realveksten i Kulturløftet for perioden 2006-2012 i løpande kroner var 3,4 milliardar kroner. Av dette utgjorde veksten over Kulturdepartementets budsjett vel 3,0 milliardar kroner (Reknar vi tala for kvart av åra om i 2012-prisar, vert dei tilsvarande beløpa om lag 3,6 og 3,2 mrd. kroner). Dette er altså Kulturløftet slik det går fram av dei prioriteringane departementet har gjort for kvart av budsjettåra 2006 til og med 2013.

Det er Kulturløftet i KUD som i hovudsak vert analysert i dette arbeidet. Tala ovanfor viser at både storleiken på og samansetjinga av Kulturløftet varierer betydeleg frå år til år. Frivillig verksemd er det kulturområdet som kjem klart "best ut" av Kulturløftet. Av dei «tradisjonelle» kulturområda er det scenekunst og musikk som reiser med mest midlar av Kulturløftet. Jf. elles figuren nedanfor, som illustrerer realveksten i Kulturløftet 2006-2013 for dei viktigaste områda (tal i 1000 kroner):



Min gjennomgang og analyse av tala i Kulturløftet gir grunnlag for å trekkje følgjande konklusjonar:

- Til saman for åra 2006-2013 representerer Kulturløftet ein realvekst i det statlege kulturbudsjettet på 3,4 mrd. (løpande) kroner. Av dette gjekk vel 3 mrd. kroner over Kulturdepartementets budsjett.

- Realvekst til frivillig verksemd utgjer det største enkeltpost i Kulturløftet med i 814 mill. kroner, eller 24 pst. av det samla Kulturløftet (27 pst. av Kulturløftet over KUD-budsjettet). Momskompensasjon for frivillige organisasjonar utgjer 85 pst. av dette.
- For budsjettåret 2013 utgjer momskompensasjonen 57 pst. av den samla realveksten i Kulturløftet over KUD-budsjettet.
- På dei «tradisjonelle» kulturområda er realveksten størst for områda scenekunst, musikk og museum/kulturvern med i alt 505, 381 og 278 mill. kroner, noko som utgjer 17, 12 og 9 pst. av det samla Kulturløftet på KUD-budsjettet.

Vi kan elles seie følgjande om Kulturløftet på det «tradisjonelle» kulturområdet:

- Den klart største delen av Kulturløftet innanfor det «tradisjonelle» kulturområdet har gått til kunstnarleg og fagleg aktivitet. Held vi frivillig verksemd utanom, gjekk ca. 11 pst av midlane i Kulturløftet til ikkje-fagleg aktivitet. Men prosentdelen varierer, og var så stor som 34 pst. i 2011. Auka pensjonskostnader og husleige utgjer dei største ikkje-faglege utgiftspostane.
- Innanfor scenekunstmrådet har 32 pst. av Kulturløftsmidlane gått til ikkje-faglege formål. På musikkområdet er prosentdelen 14.
- På scenekunstheltet går 65 pst av midlane i Kulturløftet til (dei store) institusjonane. På musikkfeltet er denne delen 47 pst. På arkivområdet går nesten heile Kulturløftet til den nasjonale institusjonen Arkivverket.
- På området museum og kulturvern vert 85-90 pst. av Kulturløftsmidlane brukt som ledd i gjennomføringa av den store museumsreforma. Tilskota har vorte fordelte til dei enkelte musea i nettverket etter ein godt gjennomarbeidd plan.
- På biletkunstmrådet har knapt ein tredjedel av realveksten gått til Nasjonalmuseet. På området språk/litteratur/bibliotek har 39 pst. av realveksten gått til Nasjonalbiblioteket.
- Både på musikk- og scenekunstheltet har realveksten vore høg for R/L-institusjonane, og (betydeleg) mindre for dei nasjonale institusjonane, utanom DNOB, som reiser med 40 pst. av realvekstpotten på scenekunstmrådet.
- På det “frie” musikkfeltet har den rytmiske musikken vorte prioritert frå første dag. Dette speglar seg mellom anna av i nye knutepunktsinstitusjonar, oppbygging av Nasjonal scene for folkemusikk og folkedans, Nasjonal jazzscene, kompetansesentra for rytmisk musikk, musikkverkstadordningar, betydelege midlar til ei støtteordning for musikarar og arrangørar og, ikkje minst, etableringa av Rockheim, det nasjonale opplevingssenteret for pop og rock, i Trondheim i 2010.
- Innanfor området språk/litteratur/bibliotek har Kulturløftets “frie” midlar materialisert seg i ei betydeleg styrking av innkjøpsordningane for litteratur, særleg for norsk sakprosa, utvikling av ei bibliotekteneste i fengsel og mange språktiltak, særleg i oppfølginga av språkmeldinga frå 2008. Ulike nynorsktiltak har samla fått ein god realvekst.
- Innanfor biletkunstmrådet har disponeringa av dei “frie” midlane ikkje nokon klar profil. Men Bergen Kunsthall har fått realvekst nesten heile perioden, til arbeid med “Festspillutstillingen”. KORO (Kunst i det offentlege rom) og OCA (Office for Contemporary Art Norway) har fått ein bra realvekst, særleg gjeld det KORO. Norsk Form har fått ein mindre realvekst.
- Når det gjeld dei “frie” midlane på scenekunstheltet, peikar desse områda seg ut: dansen, den frie scenekunsten og mindre institusjonalisert teater. Scenekunstheltet har

ikkje på same vis som musikkfeltet vore prega av framveksten av nye institusjonar. Dei siste åra har profesjonell dans vorte betydeleg styrkt gjennom ulike tiltak.

- På museumskapitlet gjekk ca. 43 mill. kroner av realveksten i perioden 2008-2010 til driftsmidlar til den nye institusjonen Rockheim. Dette utgjer 17 pst. av den samla realveksten på museumsfeltet i heile perioden 2006-2012. Rockheim fekk òg 6,5 mill. i planleggingsmidlar over musikkapitlet. Den statlege delen av bygget vart finansiert med Kulturløftsmidlar over posten Nasjonale kulturbygg.
- Det har òg vore ein god realvekst for institusjonen Nynorsk kultursentrum (på museumskapitlet)
- På filmfeltet har mesteparten av realveksten (75 pst.) gått til den nasjonale filminstitusjonen og knapt 20 pst. til regionale filmverksemdar.
- På dei store områda scenekunst, musikk og museum/kulturvern har realvekstmidlane i Kulturløftet hatt ein “distriktsprofil”, i den forstand at midlane har ført til ei relativ styrking av institusjonar utanfor hovudstaden og medverka til skiping av nye institusjonar, ordningar og tiltak i ulike delar av landet.
- Unntaket er Den Norske Opera og Ballett, som har fått stor realvekst. Men relativt mykje av denne har gått til ikkje-faglege formål.
- 2009 merkjer seg ut som det «artigaste» året i Kulturløftet. Dette året vert løyvd realvekstmidlar til klart flest tiltak og ordningar utanom dei faste postane på statsbudsjettet. Dette gjeld særleg på musikkområdet, som har spesielt stor vekst dette året. Også realveksten på områda nasjonale kulturbygg, kunstnarformål, biletkunst mv., litteratur mv, og (særleg) museum/kulturvern er rekordhøg dette året. 2009 er året med flest “frie” midlar til fordeling på ei rekkje tiltak, mange av desse forholdsviss små.
- Kulturløftet *utanom KUD* utgjer i alt 365 mill. kroner, eller knapt 11 pst. av det samla Kulturløftet. Av dette har 230 mill. (63 pst.) gått over budsjettet til Forbrukar- og administrasjonsdepartementet, mesteparten av dette til byggeverksemd ved kulturinstitusjonar av ulike slag. 84 mill. kroner (23 pst.) har gått over Kunnskapsdepartementets budsjett til kulturverksemd i skulen.

Kort oppsummert har realveksten i Kulturløftet for åra 2006-2013 fordelt seg slik etter hovudformål:

Hovudformål	Sum (1000 kroner)	Prosentfordeling
Frivillig verksemd	844 400	24,7
Ikkje-faglege formål på kulturområdet	245 000	7,2
Faglege formål på «det tradisjonelle» kulturområdet	1 504 500	44,1
Film, medier, andre kulturformål	454 600	10,7
Andre departement enn KUD	365 400	13,3
Kulturløftet samla	3 413 900	100,0

1. Kulturløftet år for år

Forslaget til statsbudsjett for 2006 vart lagt fram av regjeringa Bondevik før ho gjekk av i oktober 2005. 10. november la så regjeringa Stoltenberg fram St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 *Om endring av St.prp. nr.1 om statsbudsjettet 2006*. På sidene 74-80 i dette dokumentet vert forslaga til endringane i budsjettet for Kultur- og kyrkjedepartementet presenterte. Seks av sju sider handlar om “endringsforslag som omfattes av Kulturløftet.” Presentasjonen vert innleidd slik: “Regjeringen vil ha en ny giv i kulturpolitikken og vil gjennomføre det store kulturløftet.”

Det er med denne tilleggsproposisjonen at realiseringa av Kulturløftet tek til. Startsummen vert sett til 170 mill. kroner. Eller som det heiter i proposisjonen: “Regjeringen foreslår på denne bakgrunn en samlet økning i kulturbudsjettets ramme for 2006 knyttet til Kulturløftet på knapt 170 mill. kroner i forhold til Bondevik II-regjeringens budsjettforslag for 2006. Herunder foreslås kulturbevilgningene over Utenriksdepartementets budsjett styrket med 20 mill. kroner.” Kulturbudsjettet for 2006 som Valgjerd Svarstad Haugland la fram i oktober, hadde ein sluttsum på vel 4,6 mill. kroner. Giske foreslo å auke dette med 3,2 prosent.

I dette kapitlet skal vi følgje den budsjettmessige realiseringa av Kulturløftet år for år gjennom perioden 2006-2013. Vi har alt vist korleis veksten har fordelt seg på dei ulike budsjettkapitla og kulturområda. No skal vi sjå nærmare på realveksten innanfor dei ulike kulturområda.

I følgje mandatet for dette arbeidet skal konsulenten:

“kommentere særtekk ved utviklingen i bevilgninger innanfor de ulike budsjettkapitlene og analysere disse med henblikk på:

- fordelingen av bevilgninger mellom kunstarter/sjangre innanfor de ulike budsjettkapitlene
- hvilken innretning har veksten hatt innanfor de ulike budsjettkapitlene (dreier det seg om styrking av eksisterende institusjoner, oppbygging av nye institusjoner, finansiering av prosjekt, osv.)

Konsulenten skal også “synleggjøre andelen av realveksten som har gått til kunstnerisk/faglig aktivitet og andelene som har gått til andre formål”

Hovudkjelda for min analyse av dette er material*e som for kvart år er utarbeidd av den politiske leiinga i departementet over prioriterte nye tiltak under Kulturløftet. Av desse listene går det for kvar budsjettpost (tiltak/institusjon) for kvart av åra 2006-2013 fram kva for realauke som er lagt inn i budsjettet. I varierende grad viser desse listene også kva slags utgiftstype denne realauken er tenkt å dekke innanfor den enkelte budsjettpost. I statsbudsjettet for 2009 er det t.d. lagt inn ein realvekst på vel 1,2 mill. kroner til Olavfestdagene i Trondheim. Lista eg hentar mine oppgåver frå, seier ikkje noko om kva formålet med denne auka realløyvinga er. Men av budsjettproposisjonen går det fram, i alle fall indirekte, at auken har samanheng med eit betydeleg underskot for Olavfestdagene i 2008. Same året er det lagt inn ein realvekst for Riksteatret på vel 2,6 mill. kroner. Her vert det eksplisitt sagt (i lista over tiltak/institusjonar med realvekst) at 0,9 mill. av dette skal gå til auka diettkostnader og 1,5 mill. til å auke talet på spelestader for Riksteatret.

Stort sett går det ved hjelp av dei listene eg har fått saman med budsjettproposisjonane an å finne ut følgjande:

- kva for postar i budsjettet som har fått realvekst dei aktuelle åra, og kor stor denne realveksten er i kroner
- om realveksten har gått til eksisterande institusjonar og organisasjonar, nye tiltak, prosjektfinansiering, til å erstatte bortfall av andre løyvingar osv.

- i kva grad pengane har gått kunstnarleg og fagleg aktivitet eller til andre formål (til ein viss grad)

Det vil gå fram at institusjonsandelen av realveksten og kva formål veksten vert nytta til, varierer sterkt mellom kulturområde og frå år til innanfor dei ulike kulturområda. Det er knapt mogleg og ikkje nødvendig å avklare dette for kvar einaste budsjettpost. Tendensane lèt seg likevel rimeleg lett avklare.

Eg har ikkje sett det som mi oppgåve å vurdere i kva grad eller på kva måte ein har nådd målsetjingane i Kulturløftet 1 og 2. Eg har lagt vekt på å analysere og strukturere det materialet eg har hatt til disposisjon på ein måte som gjer at andre rimeleg enkelt vil kunne vurdere kva Kulturløftet har ført, og ikkje ført, til. Kjeldematerialet for denne delrapporten er dei nemnde listene (reknearka) eg har fått frå KUD, og som viser realvekst på dei ulike budsjettpostar kvart av åra i perioden 2006-2013. I tillegg har eg nytta alle budsjettproposisjonane for perioden. Arbeidet har vore tidkrevjande.

Eg har valt ei detaljert framstilling. Det har mest å gjere med at realveksten i Kulturløftet ikkje følgjer eit bestemt mønster. Tvert imot er variasjonane store frå år til år. Det er derfor ønskjeleg med ein gjennomgang av innhaldet i Kulturløftet kvart av dei åtte åra i perioden.

Kulturløftet 2006

Vi har alt nemnt at den nye regjeringa i tilleggsproposisjonen frå november 2005 foreslo å setje av knapt 170 mill. kroner til realisering av Kulturløftet i 2006. Tabelloversynet nedanfor viser fordelinga etter område.

Tabell 1 *Realvekst Kulturløftet 2006 (mill. kroner)*

Kulturområde	Sum (mill. kroner)	Formålsfordelte midlar NKF/NKR	Samla sum
Frivillig verksemd	17,0		17,0
Norsk kulturfond	13,5	-13,5	-
Fond for lyd og bilde	2,0		2,0
Samiske kulturformål	7,0		7,0
Nasjonale kulturbygg	2,5		2,5
Tiltak under Norsk kulturråd	13,2	-13,2	-
Til disposisjon	6,0		6,0
Kunstnarformål	3,0		3,0
Biletkunst, kunsth. og offentleg rom	3,7	1,5	5,2
Musikkformål	7,0	15,2	22,2
Teater- og operaformål (scenekunst)	9,8	5,5	15,3
Språk-, litteratur og bibliotekformål	8,0		8,0
Museums- og andre kulturvernformål	5,0		5,0
Film- og medieformål	14,0		14,0
Pressestøtte	17,3		17,3
Anna	1,0	4,5	5,5
Sum realvekst	130,0	0	130,0
<i>Rally-VW</i>	<i>17,0</i>		<i>17,0</i>
<i>Utanriksdepetet</i>	<i>20,0</i>		<i>20,0</i>
Sum i alt	167,0		167,0

Siste kolonnen i tabellen viser samla vekst i tilskot etter at vi har fordelt summene frå dei samla løyvingane over budsjetta til Norsk kulturfond og Norsk kulturråd etter kva for kulturområde dei vedkjem.

Som vi ser, er det *musikkfeltet* kjem ut med størst realvekst (22 mill. kroner) i det aller første Kulturløftet. Deretter følger pressestøtte, frivillig verksemd, scenekunst og film med beløp litt over og under 15 mill. kroner kvar. Det vert òg, slik det går fram at tilleggsproposisjonen, sett av 17 millionar av kulturløftsmidlane til å støtte eit prøveløp for eit mogleg rally-VM i Noreg. Grunngevinga for dette er dei ringverknadene dette kan ha i Innlandsregionen, jf. tilleggsproposisjonen. Kultursamarbeidet med utlandet er tilgodesett med 20 mill. kroner av kulturløftsmidlar i budsjettet til Utanriksdepartementet.

Mesteparten av dei nye *musikkmidlane* (22,2 mill.) går til det rytmiske musikkfeltet; festivalstøtte (3,5 mill.), musikkverkstadordninga (2,0), turné- og arrangørstøtte (2,0), Nasjonal jazzscene (2,0), Nasjonal scene for folkemusikk og folkedans (1,5), prosjektmidlar til eit pop/rock/ opplevingssenter (1,5) kompetansetiltak i Norsk Rockforbund (1,0), Norgesnett (1,0). Det vert òg sett av 2,5 mill. i friske pengar til Ungdommens kulturmønstring. Den klassiske musikken vert tilgodesett med 2 mill. kroner til tre regionale symfoniorkester/ensemble og 2 mill. til støtte for musikkensemble. Den vert òg oppretta ei eiga ordning med tilskot til kjøp av instrument for skulekorps (2,5 mill.). Av dei 22,2 millionane til musikkområdet går berre 2 millionar til fast etablerte institusjonar. 5-6 mill. vert sett av til oppbygging av nye (fysiske) institusjonar. Resten er driftstøtte til ulike tiltak og ordningar i musikklivet, særleg innanfor det rytmiske feltet.

Scenekunstmidlane (i alt 15,3 mill. kroner) har ein annan profil alt frå første år. Nesten heile realveksten på kapittel 324 Teater- og operaformål går med til å styrke drifta ved eksisterande institusjonar: Riksteatret (1,0), 10 region-/landsdelsinstitusjonar 0,5 mill. kvar, 7 region- og distriktsoperaer med i alt 2,5 mill., og 1,3 mill. til fire andre faste dans-/teaterinstitusjonar. Dei nasjonale teaterinstitusjonane får ingen Kulturløftsmidlar det første året. Av Kulturfondsmidlane vert det sett av 5 mill. kroner til frie sceniske grupper innan teater og dans. Det er nesten ikkje midlar til prosjekttiltak.

På området "*Biletkunst, kunsthåndverk og offentleg rom*" (totalvekst 5,2 mill. kroner) vert det sett av 1,5 mill. for å styrke ordninga med utsmykking av offentlege bygg, løyvinga til Nordnorsk kunstnersenter (knutepunktsinstitusjon) vart auke med 0,5 mill., 1,2 mill. ekstra går til Bergen kunsthall (ansvaret for Festspillutstillingen) og 0,5 mill. til ein nettstad for unge kunstnarar. Over Kulturrådets budsjett vert det sett av 1 mill. kroner til to nettverk for elektronisk kunst (i Oslo og Trondheim).

Museumsfeltet får fem millionar ekstra kroner. Midlane skal gå til "ytterligere stimulering av pågående konsolideringsprosesser" (Musea i Østfold, Oslo, Jæren, Setesdal, Trøndelag, Troms)

Til "*Språk-, litteratur og bibliotekformål*" er det sett av åtte ekstra millionar. Av dette går 2,0 mill. til å styrke og utvide ordninga med bibliotekteneste i fengsla, 1,5 mill. til Ibsenjubileet. Same summen vert sett av til Det flerspråklige bibliotek, og til arbeid med eit nynorsk digitalt leksikon. Noregs Mållag får dessutan 0,5 mill. ekstra til 100-årsjubileet. Dei to siste løyvingane signaliserer at regjeringa ser positivt på nynorsken.

Den nye regjeringa set av 3 mill. kroner ekstra til *kunstnarformål*. Av dette skal 1 mill. brukast til ei undersøking av levekåra til kunstnarane. 2 mill. vert sett av for å kompensere bortfall av ledige midlar frå tidlegare år. *Fond for lyd og bilde* har òg fått 2 mill. kroner i nye midlar, for "å imøtekomme det store antallet søknader til fondet".

Løyvinga til *samiske formål* vert foreslått auka med 7 mill. kroner (frå 33,7 mill.). Midlane vert fordelte av Sametinget.

Posten *nasjonale kulturbygg* vert foreslått auka med 2,5 mill. kroner til ekstra midlar til investeringstiltak i sceneteknisk utstyr ved Det Norske Teatret (1,5) og investeringstiltak i bygningen til Nationaltheatret (1,0).

Frivilligheitsområdet vert styrkt med 2 mill. til frivilligheitssentralar og 15 mill. ekstra til ordninga Frifond, for å halde opp den frivillige barne- og ungdomsaktiviteten på eit høgt nivå. (Frifond er ein støtteordning som fordeler tilskot til frivillig, demokratisk og lokal aktivitet for barn og unge i Norge. Midlane som blir delte ut, kjem frå overskotet til Norsk Tipping. Ordninga vart oppretta i 2000.

På *filmområdet* (realvekst i alt 14 mill. kroner) vert Norsk filmfond styrkt med 10 mill. kroner. Dette vert i proposisjonen grunngitt med at “økt satsing på film er sentralt mål i kulturløftet.” Vidare vert løyvingane til regionale filmtiltak ved Vestnorsk filmsenter, Nordnorsk filmsenter, Kortfilmfestivalen i Grimstad, Medieparken i Fredrikstad, Midnorsk filmsenter, Fuzz (Bergen) og Film 3 (Lillehammer) styrkt med i alt 4 mill. kroner.

Innanfor *medieområdet* (samla realvekst 17,3 mill. kroner) vert pressestøtta (produksjonstilskotet) auka med 7,5 mill. kroner. Grunngivinga er at ein må “gjenopprette det reelle nivået på pressestøtten.” Vidare vert det ordningane med støtte til etterutdanning i pressa og tilskotet til databasen MedieNorge gjeninnført, med i alt 9,4 mill. kroner. Tilskota til samiske aviser og til den fleirkulturelle avisa Utrop vert begge auka med 0,2 mill.

Oppsummering 2006

Vi har ovanfor vist relativt detaljert korleis dei aller første løyvingane i det ambisiøse Kulturløftet vart fordelte av den nye kulturministeren. Sjølv om handlefridomen er avgrensa når den nye regjeringa “berre” skal bøte på eit budsjett laga av den førre, kan vi likevel ane nokre nye spor. Hovudinnretninga på Kulturløftets første løyvingar kan oppsummerast slik:

- Ulike tiltak, prosjekt og ordningar er prioriterte framfor etablerte institusjonar, med unntak for teaterfeltet.
- I nokre tilfelle har ein ønskt å reversere kutt som den førre regjeringa har innført
- Det er ein viss distriktsprofil i løyvingane på (det eigentlege) kulturområdet, særleg teater- og musikkområdet
- Det kan sporast ein ungdomsprofil i løyvingane samla sett.
- Ein overraskande (?) stor del av løyvingane har gått til pressestøtte og frivillighetsformål.

Kulturløftet 2007

Hausten 2007 legg statsråd Trond Giske fram sitt første kulturbudsjett. Til realisering av Kulturløftet er det, i følgje det oversynet eg har fått frå departementet, sett av vel 357 mill. kroner til ein realauke i det nye budsjettet. Av dette er 10,4 mill. kroner over budsjettet til Utanriksdepartementet.

Scenekunstmrådet kjem best ut, følgt av nasjonale kulturbygg, musikk og museum/kulturvern. Det er berre ein ubetydeleg realvekst av løyvingane til samiske kulturformål, kunstnarformål, ABM Utvikling og arkiv.

Tabell 2 *Realvekst Kulturløftet 2007 (mill. kroner)*

Kulturområde	Sum (mill. kroner)	Formålsfordelte midlar NKF/NKR	Samla sum
Frivillig verksemd	21,5		21,5
Norsk kulturfond	14,0	-14,0	-
Fond for lyd og bilde	2,7		2,7
Samiske kulturformål (Sametinget)	2,0		2,0
Nasjonale kulturbygg	47,5		47,5
Tiltak under Norsk kulturråd	25,6	-25,6	-
Til disposisjon	7,5		7,5
Stavanger som kulturby	20,0		20,0
Kunstnarformål	0,4		0,4
Biletkunst, kunsthåndverk og offentleg rom	17,5	0,3	17,8
Musikkformål	34,0	12,1	46,2
Teater- og operaformål (scenekunst)	50,9	10,2	61,1
Samordn.tiltak arkiv, bibl., museum (ABM)	3,0		3,0
Språk-, litteratur og bibliotekformål	18,8	3,5	22,3
Museums- og andre kulturvernformål	34,5		34,5
Arkiv	3,6		3,6
Film/medier	20,2		20,2
Pressestøtte/medier	21,5		21,5
Mangfoldsåret, førebuing	1,2	1,3	2,5
Anna		12,1	12,1
Sum	346,4	0	346,4
<i>Utanriksdeptet</i>	<i>10,6</i>		<i>10,6</i>
Sum i alt	357,0		357,0

På *musikkfeltet* (46,2 mill. i alt) vert det for 2007, i motsetning til året før, sett av betydelege nye midlar til alle dei profesjonelle symfoniorkestrer, i alt 12,5 mill., inklusive Landsdelsmusikarordninga i Nord-Norge. For institusjonane inneber dette ei reell styrking av den økonomiske ramma, sjølv om det knyter seg nokre føringar til disponeringa av dei nye midlane for nokre av institusjonane. For Harmonien i Bergen gjeld dette t.d. 100-årsmarkeringa for Edvard Grieg i 2007. Det er elles sett av 4 mill. ekstra på ein eigen post til dette jubileet.

Rikskonsertane får ein realvekst på nesten 6,5 mill. kroner, m.a. til satsinga Hele Norge Synger. Delar av desse midlane er omdisponerte frå posten 320.74 Tilskot til lokale konsertinitiativ. Av festivalane får berre folkemusikkfestivalen i Førde ein beskjeden realvekst (0,5), mens det vert sett av 3 mill. kroner til nye knutepunktfestivalar for blues og for rock. Vestfoldfestspillene får ein realvekst på 2 mill. Det vert løvyd 1,5 mill. ekstra til vidare arbeid med opplevingssenter for pop og rock. Realveksten er òg 1 mill. for Nasjonal jazzscene og for Trondheim Jazzorkester.

Ordninga med instrumentkjøp til skulemusikkorps vert vidareført i eit instrumentfond, og får 2,5 mill. realvekst, mens ordninga med musikkverkstader får 2 mill. ekstra kroner til øvingslokale. Ei ny treårig forsøksordning for å betre situasjonen for norske kor vert sett i gang, med ei startløyving på 1 mill. kroner. Fleire tiltak og ordningar i musikklivet får ein realvekst på mellom 0,25 og 1,0 mill. kroner.

I 2006 gjekk mesteparten av musikkmidlane i Kulturløftet til det rytmiske musikkfeltet. Også i 2007 får dette feltet ein god vekst, men mesteparten av auken i realløyvingane går no til styrking av kjernen i det klassiske musikkfeltet, symfoniorkestrer.

På *scenekunstheltet* går 25 mill. av realauken på 61 mill. til opptrapping av drifta ved Den Norske Opera. Dei regionale teatra får ein realauke på vel 10 mill. kroner og ulike region- og distriktsoperaer får vel 3 mill. Mesteparten av dette er ekstra midlar til drifta, men for ein del av midlane ligg det klare føringar av ulik karakter (samarbeid, nettverk, nyorganisering; pensjonsutgifter for Carte Blanche). Dei nasjonale teaterinstitusjonane (Det Norske Teatret, Nationaltheatret og Den Nasjonale Scene) får ingen realauke til driftsmidlar, men dei tre får til saman eit ekstraordinært tilskot til rehabilitering på 7,3 mill. kroner (utanom Kulturløftet) (post 320.73). Det vert òg sett av 7 mill. kroner i auka realløyving til Dansens Hus for dekking av auke utgifter til aktivitet, husleige og betjening av lån til tekniske investeringar. Riksteatret får ein realvekst på 1,5 mill. kroner.

Dei resterande 13-14 mill. kronene av realveksten på scenekunstheltet er fordelte med 6 mill. til basisfinansiering av ordninga med fri scenekunst (inklusive Jo Strømgren Kompani), fleire mindre regionale teatertiltak, ulike tiltak for barn og unge og eit prosjekt for scenetekstutvikling (1 mill).

Scenekunstpotten er samla sett den klart største i Kulturløftet for 2007. Det er funne rom for betydeleg realvekst både for Den Norske Opera, regionale teater og distriktsoperaer. Dansen får eit eige løft. Samtidig held ein oppe veksten i løyvingar til fri scenekunst og ein del av dei prosjektretta tiltaka. Mesteparten er veksten er reell, i den forstand at den går til å styrke kunstnarleg og fagleg aktivitet.

Museumsfeltet får ein realvekst på 34,5 mill. kroner i 2007. Desse midlane går nesten i sin heilskap til Det nasjonale museumsnettverket i samband med arbeidet med den store museumsreforma. Midlane er fordelte fylkesvis til ei rekkje enkeltmuseum. Ifølgje proposisjonen ligg det inne ein auke på 100.000 til kvart av dei kulturhistoriske musea i nettverket. Kunstmusea i nettverket har fått ein auke på 0,2 mill. kroner kvar til innkjøp av samtidskunst. Nokre andre museum har fått særskilt auke i løyvingane til særlege formål. Det ligg òg inne ei resultatløyving på 0,2-1,0 mill. kroner til rundt 30 museum som "kan vise til resultat med hensyn til konsolideringer samt god utvikling i besøkstallene" (jf. proposisjonen). Utover dette er det sett av ekstra midlar til Jødisk Museum i Oslo (1 mill.), Norsk Skogfinsk Museum (1 mill.) og Mjøsabåten Skibladder (0,4 mill.).

På området "*Biletkunst, kunsthåndverk og offentleg rom*" er realveksten 17,8 mill. kroner i 2007. Av dette går 8 mill. til Nasjonalmuseet. Delar av dette, truleg mesteparten, skal brukast til å dekke auka husleige i samband med nye lokale (jf. budsjettproppen) for arkitekturdelen av museet. Det ligg elles inne ein realauke på 2 mill. til styrking av arbeidet med regionale formsentra, 1,5 mill. ekstra til drift av Norsk Form, 1,5 mill. til styrking av Office for Contemporary Art Norway (OCA) og 1 mill. til generell styrking av dei offentlege utsmykkingsordningane. Mindre realvekst (rundt 0,5 mill. eller mindre) er lagt inn for Bergen kunsthall/Festspillutstillingen, Henie-Onstad kunstsenter, Norske kunstforeningar, Vestfossen kunstillaboratorium mfl.

Til "*Språk-, litteratur og bibliotekformål*" er det sett av vel 22 millionar i realvekstmidlar. 6 mill. av dette er reservert vidareføring av Ibsenprosjekt, og 3 mill. til ein Ibsenpris m.m. Det er òg sett av 3 mill. til digitalisering ved Nasjonalbiblioteket. Arbeidet med bibliotektenester i fengsla held fram og vert styrkt med 2,2 mill. i 2007. Språkrådet vert styrkt med 1 mill., Noregs Mållag, Norsk Forfattersentrum og prosjektet "Leser søker bok" vert alle styrkte med 0,5 mill. kroner. Innkjøpsordningane for litteratur vert styrkte med 3 mill.

Realveksten til *kunstnarformål* er i 2007 berre 0,4 mill. kroner. Det er nye arbeidsstipend til kritikarar. *Fond for lyd og bilde* har òg fått 2,7 mill. kroner i nye midlar, slik at Fondet no er på nivå med det det var i 2004.

Arkivfeltet vert styrkt med 3 mill. kroner til arbeidet med digitalisering, det same gjeld *AMB-Utvikling*. Arbeiderbevegelsens Arkiv får ein realauke på 0,5 mill. (løyving i 2006 3,9 mill. kroner) og Arkivstiftelsen Asta på 0,1 mill.

Det er òg realvekst i løyvinga til *Sametinget*, om enn noko redusert (2 mill.). Når det gjeld *nasjonale kulturbygg*, vert det sett av midlar til Østsamisk museum (20 mill.), til Bergen kunstmuseum (10 mill.), Norsk industriarbeidermuseum (5 mill.), og ein del andre mindre tiltak. Også dei nemnde midlane til ekstraordinært rehabiliteringsarbeid med dei nasjonale teaterinstitusjonane vert henta herifrå, men utanom Kulturløftet.

Frivillighetsfeltet vert styrkt med 21,5 mill. kroner. 10 mill. av dette går til Frifond og 5 mill. til frivillighetsentralar. Det vert sett av 3 mill eit (nytt) Frivillighetsregister. Same sum går til ein ny post; Ymse frivillighetstiltak.

Filmfeltet vert styrkt med 20 mill. kroner i 2007. 15 av desse går til ei generell styrking av fondsmidlane til Norsk filmfond. Resten går til ulike regionale filmtiltak. Mediefeltet har ein realauke på 21,5 mill. Av dette går heile 14,3 mill. til kompensasjon for auka portoutgifter.

Det er òg sett av ein realvekst i midlane til utvikling av teknologi for teksting av direkte TV (4 mill.), til teksting av norske filmar på kino, til Medie-Norge og til minoritetsspråklege publikasjonar (ca.1 mill. kroner per tiltak).

I tillegg til det som er nemnt ovanfor, vert det òg sett av 20 mill. kroner i 2007 til arbeidet med Stavanger *som europeisk kulturhovudstad* i 2008.

Oppsummering 2007

Kulturløftet tek ei fastare form i 2007. I forhold til året før er det sterkast auke i løyvingane til institusjonane på feltet. Det gjeld både innanfor musikk- og teaterfeltet. Hovudinnretninga elles er slik:

- På musikkfeltet går mykje av realveksten med til ei styrking av symfoniorkestra
- Den Norske Opera reiser med 41 pst av realveksten på scenekunstfeltet
- For nokre institusjonar (Nasjonalmuseet, Carte Blanche) skal store delar av realveksten dekke husleige og pensjonskostnader.
- Museumsmidlane går nesten utelukkande til institusjonar innanfor Det nasjonale museumsnettverket i samband med museumsreforma
- På språk- og arkivfeltet er digitalisering eit prioritert område
- 75 pst. av realveksten på filmfeltet går styrking av Norsk filmfond
- Det vert sett av 9 mill. kroner til Ibsenprosjekt
- Mange mindre og ikkje-institusjonaliserte tiltak og organisasjonar innanfor musikk, scenekunst og litteratur får realvekst på under ein 1 mill. kroner.

Kulturløftet 2008

2008 er eit vanskeleg år, pga. den tidlegare nemnde endring i disponeringa av kap. 350.55 Norsk kulturfond (sjå del 1). Realveksten i budsjettet dette år er rekna til 311 mill. kroner,

eller 36 mill. mindre enn året før. Fordelinga av realveksten etter formål medfører nokre tekniske vanskar, som eg ikkje har funne heilt ut av. Uansett er det området scenekunst som er “vinnaren” dette året med ein realvekst på 70 mill. kroner over post 324. I tillegg kjem vel to millionar over kap. 320.74 Norsk kulturråd. Musikk er det nest største området, med 41 mill. kroner i realvekst over kap. 323), pluss 7,8 mill. over post 74, kap. 320. Jf. tabellen nedanfor.

Tabell 3 *Realvekst Kulturløftet 2008 (mill. kroner)*

Kulturområde	Sum (mill. kroner)	Formålsfordelte midlar NKF/NKR	Samla sum
Frivillig verksemd	7,6		7,6
Norsk kulturfond	13,7	-13,7	-
Fond for lyd og bilde	-		-
Samiske kulturformål (Sametinget)	4,1		4,1
Nasjonale kulturbygg	23,2		23,2
Tiltak under Norsk kulturråd	23,9	-23,9	-
Kunstnarformål	2,4		2,4
Biletkunst, kunsthåndverk og offentleg rom	17,9	2,0	19,9
Musikkformål	42,1	8,5	50,6
Teater- og operaformål (scenekunst)	70,0	6,6	76,6
Samordn.tiltak arkiv, bibl., museum (ABM)	-	-	-
Språk-, litteratur og bibliotekformål	26,5	5,0	31,5
Museums- og andre kulturvernformål	29,0		29,0
Arkiv	13,1		13,1
Film/medier	14,1		14,1
Pressestøtte/medier	-4,2		-4,2
Mangfoldstiltak	5,2		5,2
Anna, inklusive fordelt realvekst post 55	17,4	15,5	32,9
Sum	306,0	0	306,0
<i>Utanriksdeputat</i>	5,0	-	5,0
Sum i alt	311,0		311,0

På *musikkområdet* (totalvekst 50,6 mill.) vert det gitt ein realauke på 6 mill. kroner til dei nasjonale institusjonane Oslo-Filharmonien (5,0) og Stiftelsen Harmonien (1,0). Midlane inkluderer turnéstøtte og for Oslo-Filharmonien 3 mill. til opptrapping av kunstnarleg kvalitet. Dei fem R/L-institusjonane får ein realvekst på 16,2 mill. kroner. Ca. 10 mill. av dette kjem som kompensasjon for bortfall av støtte frå Forsvarsdepartementet, medan resten går til turnéstøtte, generell styrking av kunstnarleg kvalitet og til spesifisert samarbeidet med andre (Trondheim Symfoniorkester). 5 av 10 knutepunktinstitusjonar vert tilgodesett med ei realløyving på 6,9 mill. kroner. Midlane går til ei generell styrking av aktivitetane, og til å dekke auka husleige for Ultima-festivalen (1,7 mill.). Ei rekkje musikktiltak (som BIT 20, Bodø og Oslo Sinfonietta, Dissimilis og fleire kammermusikkfestivalar) får mindre realløyvingar.

Riksscena for folkemusikk og folkedans får ein realauke på 0,9 mill. Under kap. 320.74 held løyvingane til Musikkverkstadordninga og tilskotet til kjøp av musikkinstrument for skulekorps fram med ein realvekst på ca. 2 mill. kroner. Også eit tilskot til arbeidet med norsk musikkspor vert lagt inn med to ferske millionar kroner. Same tilskot går til Ungdomssymfonikarane. Mykje av realveksten på musikkområdet går i 2008 som i 2007 institusjonar for klassisk musikk. Sterkast er veksten for R/L-institusjonane.

På *scenekunstfeltet* (samla vekst 76,6 mill.) reiser Den Norske Opera med 37 mill. kroner. Vel 32 av desse skal gå til drift i nytt operahus, mens 4,7 mill. skal dekke auka driftskostnader.

Dei tre nasjonale teaterinstitusjonane får ein realvekst på 7 mill. kroner, som skal dekke utgifter ved lånefinansiering av utbetningsbehov. Dei 13 R/L-institusjonane får ein realvekst på til saman 8,2 mill. Mesteparten av dette er opptrappingsmidlar. 10 region- og distriktsoperaer over heile landet får ein samla realauke på 4,9 mill. kroner. I denne løyvinga ligg ei generell styrking av aktiviteten og, for nokre av institusjonane, ønsket om samanslåingar og andre strukturelle endringar. Realtilskotet til danseinstitusjonane vert auka med heile 9,4 mill. kroner, men for Dansens Hus skal realauken (8,4 mill.) dekke både auka husleige, andre nye driftskostnader og auka aktivitet. På kap. 320.74 vert det gitt realvekst til nokre mangfoldsteatertiltak og til Østfold teater. Men i 2008 er scenekunstheltet prega av ein betydeleg vekst i tilskot til dei faste institusjonane. Delar av midlane går til å dekke drifts- og husleigeutgifter.

På *biletkunstområdet* går 15 av i alt knapt 20 millionar til Nasjonalmuseet for kunst. Desse midlane skal gå til å finansiere tiltak for å betre museets sikrings- og bevaringsforhold, samt dekke utgifter knytt til etablering og drift av verksemda på Bankplassen. Norsk Form vert styrkt med 0,5 mill, Bergen kunsthall med nok 1 million til å utstillingsverksemda, OCA får ein auke på 0,5 mill, medan tre mindre tiltak på ca. 0,3 mill. kroner kvar. Igjen her ser vi at mesteparten av realveksten går tiltak for den sentrale institusjonen på feltet.

På *museumsfeltet* vert ca. 40 institusjonar i det nasjonale nettverket styrkt med mellom kr 0,1 og 2,6 millionar kroner. Mest får Jærmuseet til å drifte den nye Vitenfabrikken. Elles har musea i nettverket vorte premierte etter resultat, slik som året før. Tilskotet til etablering av Opplevingssenteret for pop og rock i Trondheim og Namsos er auka med 2,8 mill. for 2008. Nynorsk kultursentrum får ein realauke på knapt 0,7 mill. til m.a. Dei nynorske festspela. Som for 2007 får Norsk Skogfinsk Museum, Jødiske Museum og Skibladder mindre realltilskot.

På området "*Språk, litteratur og bibliotek*" går 21,9 mill. av dei auka realløyvingane på 26,5 mill. kroner til Nasjonalbiblioteket. 11,8 millionar av dette er knytt til overtakinga av ansvaret for innsamlings- og bevaringsfunksjonane for den norske filmarven, som no vert flytta frå Norsk filminstitutt til Nasjonalbiblioteket. Det gjeld m.a. 12 arbeidsårsverk. Det går 3 mill. kroner til nye magasinlokale og 6 mill. til arbeid med Wergelandjubileet i 2008 og førebuing av Hamsunjubileet i 2009. I tillegg til Nasjonalbibliotekets oppgåver vert det løyvd 2 mill. nye kroner til fengselsbibliotek, 1 mill. til Norsk Ordbok og 0,9 til Det fleirspråklege bibliotek pluss nokre andre mindre realløyvingar. Innkjøpsordningane for litteratur vert styrkte med 5 mill. kroner.

Realveksten til *kunstnarformål* er i 2008 2,4 mill. kroner. Midlane går til å finansiere den nye avtalen om Bibliotekvederlag som staten og partane har vorte samde om.

Arkivfeltet vert styrkt med 13 mill. kroner. Av dette går 11,7 mill. til Arkivverket (Riksarkivet og dei åtte statsarkiva). 9 mill. går til nødvendig styrking av verksemda, og 2,7 til husleige og drift i nye lokale. Det vert vidare sett av 1 mill. kroner til investering i nytt utstyr ved Statsarkivet i Stavanger, og 0,3 mill. til Arbeiderbevegelsens Arkiv.

Auken i løyvinga til *Sametinget* held fram med 4,1 mill. i 2008. Når det gjeld *nasjonale kulturbygg*, er realveksten sett til 23,2 mill. kroner. I oversynet eg har fått, er realveksten ikkje fordelt på dei ulike byggeprosjekta. Men det største av desse i 2008, er Nasjonalt senter for pop og rock i Trondheim, med ei samla (nominell) løyving i 2008 på 35 mill. kroner. Det er òg sett av midlar til Østsamisk museum (9,7 mill. i alt), Bergen Kunstmuseum (10 mill.), Norsk industriarbeidermuseum (8 mill.), og til ein del andre mindre bygg.

Frivillighetsfeltet vert styrkt med 7,6 mill. kroner; av dette 3,4 til frivillighetssentraler og 3,3 til Frifond.

Filmfeltet vert styrkt med (netto) 14 mill. kroner i 2007. Her er overføringa av Filmarkivet til Nasjonalbiblioteket trekt frå (11,8 mill.). Største veksten er lagt til posten Oppfølging av filmmeldinga” (“Veiviseren”), som kom i 2007. I proposisjonen heiter det at mesteparten av auken i løyvinga vil verte nytta til ei generell styrking av produksjonsmidlane, og til å styrke den eksisterande talentutviklingsordninga. Det er vidare sett av 7 mill. kroner til arbeidet med etablering av Norsk filminstitutt. Dei tre verksemdene Medietilsynet, Norsk filmfond, Norsk filminstitutt og Norsk Filmutvikling vart i 2008 slått saman ei verksemd, Norsk filminstitutt. Det er elles ein auke i løyvingane til regional filmsatsing med 2,2 mill. kroner. *Mediefeltet* har ein realnedgang på 4,2 mill. Dette skuldast at ordninga med tilskot til minoritetsspråklege publikasjonar vart flytta over til kap. 326, post 55. Det er ein realvekst i budsjettet for Medieprogrammet (Media 2007) (4,3 mill.) og til styrking av samiske aviser (4,4 mill.)

Oppsummering 2008

Kulturløftet 2008 dreier seg mest om betydeleg vekst i løyvingane til dei faste og store institusjonane, som Den Norske Opera (drifta i nytt hus), Nasjonalbiblioteket (halvparten av auken gjeld overtaking av funksjonar som Norsk filminstitutt har hatt) og Nasjonalmuseet (betring av sikrings- og bevaringsforhold, nye lokale). Også på musikkfeltet får den sentrale nasjonale institusjonen ein bra realauke.

- Den Norske Opera reiser med 48 pst. av (den sterke) realveksten på scenekunstfeltet, og 13 R/L-institusjonar med 22 pst. Mesteparten er opptrappingsmidlar
- På musikkområdet får dei fem R/L-institusjonane stor realvekst, men 62 pst. av dette er kompensasjon for bortfall av støtte frå Forsvarsdepartementet.
- Oslo-Filharmonien får ein realauke på 5 mill. kroner, og 5 (av 10) knutepunktsinstitusjonar på musikkfeltet ein realauke på knapt 7 mill.
- På museumsfeltet får ca. 40 av institusjonane i det nasjonale nettverket ein realauke på mellom 0,1 og 2,6 mill. Det skjer ei premiering etter resultat på dette området
- Veksten på filmfeltet går med til oppfølging av filmmeldinga “Veiviseren”
- Det vert sett av midlar til diktarjubileum (Wergeland, Hamsun)
- Tilskota til mindre tiltak og organisasjonar, gamle og nye, er om lag av same omfang som året før.

Kulturløftet 2009

2009 er rekordåret for Kulturløftet, spesielt over Kulturdepartementets budsjett. Det er sterk vekst i utgiftene, særleg til musikkformål, scenekunst og museum. Desse tre kategoriene reiser med ca. 52 pst. av realveksten i Kulturløftet over Kulturdepartementets budsjett. Det vert òg rekord i talet på tiltak som det vert løyvd friske pengar til, noko den store “anna”-kategorien i tabellen nedanfor vitnar om (tabell 4, neste side).

På *musikkfeltet* er dei samla realløyvingane nesten 100 mill. kroner. Det sett av 70 mill. kroner i realauke over musikkapitlet (kap. 323) og ytterlegare ca. 29 mill. over post 74 (og 78/79) kap. 320. Til saman er det laga rom for realauke i løyvingane til rundt 75 institusjonar, tiltak og ordningar på musikkfeltet dette året. Største enkeltbeløp er 10 mill. kroner, mens eit 40-tals tiltak er tilgodesett med realløyvingar på mellom 20.000 og 800.000 kroner. Det er sett av vel 20 mill. til musikkformål over tilskotsordningane over Norsk kulturfond, mest til

musikarar og arrangørar innanfor det rytmiske feltet. Rikskonsertene får 10 mill. kroner i påslag, dette er såkalla “utfasing” av spelemidlar, berekna for skulekonsertar.

Tabell 4 *Realvekst Kulturløftet 2009 (mill. kroner)*

Formål	Sum (mill. kroner)	NK fordelt	Sum totalt
Frivillig verksemd	20,2		20,2
Norsk kulturfond	9,8	-9,8	
Fond for lyd og bilde			
Samiske kulturformål (Sametinget)	6,1		6,1
Nasjonale kulturbygg	69,0		69,0
Tiltak under Norsk kulturråd	55,3	-55,3	
Kunstnarformål	7,3		7,3
Biletkunst, kunsthandverk og offentleg rom	21,6	2,5	24,1
Musikkformål	69,9	29,3	99,2
Teater- og operaformål (scenekunst)	78,8	10,0	88,8
Samordn.tiltak arkiv, bibl., museum (ABM)	1,3		1,3
Språk-, litteratur og bibliotekformål	42,3		42,3
Museums- og andre kulturvernformål	83,0		83,0
Arkiv	13,7		13,7
Film/medier	34,7		34,7
Pressestøtte/medier	3,2		3,2
Anna	14,5	23,3	37,8
Sum	530,7	0	530,7
<i>Utanriks</i>	<i>10,0</i>		<i>10,0</i>
Sum i alt	540,7		540,7

“Budsjettvinnar” elles, med 6 mill. ferske kroner, er nyskapinga i nord, Arctic Orchestra, som basert på dei profesjonelle musikarmiljøa i nord, skal framføre symfonisk musikk i landsdelen. Dei nasjonale institusjonane får ein auke på 5,7 mill. kroner, her er noko husleige rekna inn for Oslo Filharmonien. R/L-institusjonane får til saman 11. mill. kroner, mest til symfoniorkestra i Stavanger og Trondheim som ledd i satsinga over tre år på å byggje opp orkestra.

Det vert gitt ein realauke til dei 12 knutepunktsinstitusjonane på 6,4 mill. kroner, mest til det nye knutepunktet Riddu Riddu-festivalen (1,5 mill). Dette er løyvingar til å styrke primærverksemda. Resten av veksten i musikklyyvingane er spreidd over svært mange tiltak og institusjonar. Nyskapinga Rock City i Namsos er på toppen her, med ein realauke (startløyving) på 3.5 mill. Det er det rytmiske musikklivet som reiser med mesteparten av desse “smålyyvingane”, både eigne tiltak og ordningar, organisasjonar og landsscener. Dette gjeld mesteparten av musikklyyvingane over kap. 320. post 74. Her ligg det inne ein brutto realvekst på nesten 9 mill. kroner til musikkverkstadsordninga, 16 mill. til ei ny ordning med øvingslokale/bingar og 7,5 mill. til anlegg og utstyr. Til fråtrekk her kjem den delen av innsatsen som ligg i dei tidlegare ordningane, slik at netto realvekst er 8,7 mill. kroner. Dessutan er det på post 74 også sett av 3 mill. kroner til nyskipinga “Kompetansesentra for rytmisk musikk”. Over post 79 er det funne rom for ein disposisjonspott på heile 19 mill. kroner. Midlane her skal i følgje proposisjonen vere til disposisjon “for å dekke uforutsette behov av særskilt karakter som oppstår i budsjettåret.” I realvekstoversynet frå departementet (som eg har fått) er det merka av at beløpet, i alle fall delar av det, skal gå til “Orkestrene+DNO&B, 2014-jubileum, Storås, By:larm, fransk-norsk kultursamarbeid.” Vi har rekna med ca. halvparten av beløpet går til musikklivet.

Musikklivet i Noreg kjem svært godt ut av Kulturløftet i 2009, med ein betydeleg vekst i realløyvingane frå staten. Særleg gjeld dette den rytmiske musikken.

Realveksten i *scenekunstløyvingane* er 88,8 mill. kroner, av dette 10 millionar over kap. 320.74. Den Norske Opera og Ballett får 25 mill. kroner, 17 mill. av dette til kunstnarleg verksemd, 7 mill. til dekking av FDV-kostnader (*FDV = forvaltning, drift, vedlikehald*) og 1 mill. til ei stipendiatordning for operasongarar og repetitørar. Dei to nasjonale Osloteatra får 3 mill., Den Nationale Scene i Bergen ingenting. Riksteatret får 2,6 mill. ekstra, til auka diettkostnader og til fleire spelestader (1,5 mill.). Dei 13 R/L-institusjonane får ein realvekst på 11,2 mill. kroner, dei 10 regionoperaene 9,5 mill. og 8 institusjonaliserte dansetiltak 5,0 mill. kroner. Over 55-posten Norsk kulturråd er (netto) realvekst 5,2 mill. kroner. Her vert tilskotsordningane for fri scenekunst (3,0 mill.) og fri dans prioriterte (2,3 mill.) prioriterte. Over 74-posten vert det løyvd midlar til 11 ulike tiltak. Mest pengar (5,5 mill.) går til basisfinansiering av ordninga med Fri scenekunst og til historiske spel/friluftsspel (3,0 mill) forvalta av Norsk teaterråd.

Dei faste institusjonane, dansen medrekna, reiser med 56 av dei 88 realvekstmillionane på scenekunstheltet. Mesteparten av dette er midlar til å styrke det kunstnarlege arbeidet. Resten av midlane vert fordelte til om lag 25 andre tiltak og mindre institusjonar. Ein god del av desse midlane går det det frie scenekunstheltet.

Det tredje store området i 2009 er *museumsfeltet* med ei realløyving på 83 mill. kroner. Største posten, driftsmidlar på 25 mill. kroner, er løyvinga til Rockheim, det nasjonale opplevingssenteret for pop og rock, som skal vere ein del av den konsoliderte musikkeininga i Sør-Trøndelag. Utanom dette vert det løyvd 58 mill. til eit stort utval museum (rundt 50) over heile landet som ledd i den pågåande museumskonsolideringa. I proposisjonen er dette nærmare grunngjeve. Det er funne rom for nokre få tiltak på 78-posten, klart størst av desse er 6 mill. kroner til Kulturminneåret 2009.

På *biletkunstheltet mv.* går realveksten på 24 mill. kroner til ei rekkje (35) ulike tiltak, ordningar og institusjonar. Ordninga med kunst i det offentlege rom (KORO) får mest (3,9 mill. kroner), det vert sett av 2,5 mill. til å styrke tiltak på arkitekturfeltet, 1,6 mill. Nordisk kunstnarsenter på Dalsåsen og 1,5 til OCA. Nasjonalmuseet vert berre tilgodesett med 1,4 mill. kroner (skulesekkmidlar). Resten av tilskota på mellom kr 48.000 og 1 mill. går til organisasjonar på feltet, Bergen kunsthall, festivalar, mangfaldsårsprosjekt mm.

Språk-, litteratur- og bibliotekområdet får også rekordvekst i 2009 med 42,3 mill. kroner. Nasjonalbiblioteket vert styrkt med i alt 12 mill., 10 av desse skal gå til arbeid med digitalisering. Det vert sett av 9,5 mill. kroner til språktiltak som oppfølging av språkmeldinga. Innkjøpsordningane for litteratur får ein vekst på 7,4 mill., mest (3 mill.) til innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa. Bibliotektenesta i fengsel får ein realvekst på 2,4 mill., Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek 2,3 mill., tidsskriftsstøtteordninga 1,6 mill., medan Samlaget og Det Norske Akademis Store Ordbok begge vert tilgodesett med 1,5 mill. nye kroner. Andre tiltak (ca.15) får mellom 40.000 og 1 million kroner.

Av realveksten på *arkivfeltet* på 13,7 mill. kroner, går 12,2 mill. til Arkivverket (auka husleige- og driftsutgifter), og 1,2 mill. til investeringar ved Samisk arkiv.

Kunstnarområdet får i 2009 sin største vekst i perioden, med 7,3 mill. kroner. 3,7 mill. av dette er ein realvekst som skal dekke nye arbeidsstipend, medan 3,5 mill. skal gå til å dekke auka utgifter med bibliotek- og utstillingsvederlag.

Elles er det for 2009 sett av 69 mill. kroner til nasjonale *kulturbygg*. I listene “mine” er det ikkje oversyn over kva for bygg denne veksten går til, men ut frå proposisjonen ser vi at dette særleg gjeld Kilden i Kristiansand, nytt konserthus i Stavanger og Nasjonalt senter for rock og pop i Trondheim, med mindre midlar til Norsk Industriarbeidermuseum og Åja Samisk Senter.

Filmfeltet vert styrkt med i alt 34,7 mill. kroner i 2009. Største realauken (21,3 mill.) skal gå til å auke rammene for produksjonstilskot, etterhandsstøtte, auka avsetjing til utvikling av dataspel og ein betydeleg auke i satsinga på utlandslansering. Regionale filmverksemdar (12 i alt) får ein realauke på 8,2 mill. kroner.

Oppsummering 2009

Kulturløftet er rekordstort i 2009. Realveksten vert fordelt til eit rekordstort tal institusjonar og tiltak. I betydeleg mindre grad enn i 2007 og 2008 er dei store institusjonane prioriterte.

- På musikkområdet går realauken til ca. 75 institusjonar, tiltak og ordningar. Det rytmiske musikkfeltet er tydeleg prioritert. Nesten alle realøyingane på dette området går til kunstnarlege/faglege formål.
- På scenekunstfeltet går likevel 56 av 88 mill. kroner til dei faste institusjonane. Av dette går knapt 10 mill. kroner til auka diett- og FDV-kostnader. Også løyvingane til den frie scenekunsten får eit løft i 2009.
- Av museumsløyvingane går 25 (av 83) millionar til nyetableringa Rockheim.
- På områda biletkunst mv. og språk mv. er institusjonsdelen (Nasjonalmuseet og Nasjonalbiblioteket) betydeleg lågare enn i 2008. På biletkunstudområdet vert KORO-ordninga styrkt. På språkområdet mv. vert det sett av mykje midlar til oppfølging av språkmeldinga og til innkjøpsordningane for litteratur.
- Også kunstnarområdet får sin største realauke i perioden dette året.
- Kulturbyggsatsingane vert dominerte av Kilden i Kristiansand og Rockheim i Trondheim
- Filmsatsingane vert vidareførte med auka realvekst til produksjonsstøtte, utvikling av dataspel og mindre midlar til ei rekkje regionale filmverksemdar

Kulturløftet 2010

Realveksten i Kulturløftet 2010 er noko større enn i 2009. Det skuldast ein svært sterk vekst i løyvingane til frivillig verksemd. I 2010 vert det innført ei ordning med kompensasjon for meirverdiavgift for frivillige organisasjonar. Ordninga skal, i følgje budsjettproposisjonen, trappast opp med ein milliard kroner fram til 2014. Summen for 2010 er 193,7 mill. kroner. 2010 er elles eit konsolideringsår på musikk- og scenekunstfeltet. Dette året går mykje av realveksten på desse to områda til å dekke nye og dyre pensjons- og arbeidstidsavtalar og aukande faste FDV-utgifter (tabell neste side).

Musikkløyvingane er høge også i 2010, men klart mindre enn i 2009. Av samla realvekst på 64 mill. kroner går 36,6 mill. til nasjonale og R/L-institusjonar. Av denne auken går vel 24 mill. til å dekke auka pensjonskostnader og konsekvensar av endra arbeidstidsavtalar. Den kunstnarlege realveksten på rundt 12 mill. kroner går i det alt vesentlege til Nordnorsk Opera- og Symfoniorkester (9,4 mill.) og Oslo-Filharmonien (2,2 mill.). Det vert elles gitt ein

realvekst til Riksscena for folkemusikk og folkedans med 13,3 mill. kroner. Dei andre mindre institusjonane og tiltaka på kap. 323 får realvekst frå ingenting til knapt 0,9 millionar kroner. Realveksten i post 55, musikk, over Norsk kulturfond er 7,6 mill. med størst vekst til Innkjøpsordninga for musikk (1,9) og støtteordningar for arrangørar og tilskot til musikarar (begge 1,7 mill.). Over post 74 vert det løyvd netto 1 mill. kroner fordelt på sju postar. I 2009 var talet på tilskotspartar på denne posten 22 og realvekstsummen 29,3 mill. kroner.

Tabell 5 *Realvekst Kulturløftet 2010 (mill. kroner)*

Formål	Sum (mill. kroner)	NK fordelt	Sum totalt
Frivillig verksemd	210,7		210,7
Norsk kulturfond	9,0	-3,7	5,3
Fond for lyd og bilde	0,6		0,6
Samiske kulturformål (Sametinget)	1,4		1,4
Nasjonale kulturbygg	11,6		11,6
Tiltak under Norsk kulturråd	-2,5	2,5	0
Kunstnarformål	5,0		5,0
Biletkunst, kunsthandverk og offentleg rom	17,0	1,5	18,5
Musikkformål	63,9	0,1	64,0
Teater- og operaformål (scenekunst)	106,0	1,0	107,0
Samordn.tiltak arkiv, bibl., museum (ABM)	7,0		7,0
Språk-, litteratur og bibliotekformål	36,9		36,9
Museums- og andre kulturvernformål	46,0		46,0
Arkiv	14,2		14,2
Film/medier	37,8		37,8
Pressestøtte/medier	4,0		4,0
Anna	14,9	-2,4	12,5
Sum	583,5		583,5
<i>Utanriks</i>	8,0		8,0
<i>KD</i>	40,0		40,0
<i>FAD</i>	25,0		25,0
Totalt	656,5		656,5

I 2010 er det dei store institusjonane som reiser med mesteparten av realveksten på musikkfeltet, og meir enn 2/3 av denne realveksten går til å dekke ikkje-kunstnarleg verksemd.

2010 merkjer seg elles ut med ei rekordstor realvekstløyving til *scenekunstormrådet* med i alt 107 mill. kroner. Av dette går 41,2 mill. kroner til Den Norske Opera og Ballett, 14,4 mill. til dei tre nasjonale teatra og 20 mill. til R/L-institusjonane. I alt går såleis 75 (av 107) mill. kroner til desse tre kategoriane. Av dette utgjer 45 mill. kroner ein auke som går til å dekke pensjonskostnader, FDV-utgifter og anna ikkje-fagleg arbeid for dei nemnde institusjonane. Realveksten for desse for kunstnarleg arbeid er såleis 30 mill. kroner. Av resten av realveksten går 5,4 mill. til å styrke ulike tilskotsordningar, særleg til fri scenekunst, gjennom Norsk kulturfond. Budsjettvinnarar elles Norsk Scenekunstbruk (4,6 mill., 3 mill. av dette er "innfasing" av spelemidlar), Brageteatret (Buskerud) (3 mill.), Østfold Teater (2,9 mill.) og Norsk teaterråd (2,0). Talet på tilskotspartar er betydeleg lågare i 2010 enn i 2009. 40 pst. av den samla realveksten går til ikkje-kunstnarlege formål.

På *museumsfeltet* held konsolideringsarbeidet fram. Av dei 46 millionane til realvekst vert 40 mill. fordelt til ca. 30 museum kring i landet. Delar av denne veksten (vel 3 mill.) skuldast innfasing av spelemidlar (med grunnlag i planen som vart lagt fram i stortingsmeldinga om Den kulturelle skolesekken i 2008). Størst vekst får Musea i Sør-Trøndelag med 18,7 mill.

kroner. Av dette går 15 mill. til Rockheim, som vart opna i 2010. I budsjettet for 2010 er det også funne rom for tilskot til ein del andre tiltak på 78-posten. Dette gjeld m.a. Norges Hudflidslag, Norges kulturvernforbund, Landslaget for lokalhistorie og, på nytt, Skibladner og Norsk Skogfinsk Museum. Det vert her òg sett av midlar til eit vedlikehaldsfond for skværriggane.

Innanfor *biletkunstområdet* mv. med ein realauke på 18,5 mill. kroner i 2010, er det sett av 4,1 mill. over Norsk kulturfond (prosjektstøtte mm), 3,8 mill. til Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, 2,3 mill til KORO og 1 mill. til verdsutstillinga Expo 2010 i Shanghai. Resten av midlane er fordelt med beløp under 1 mill. til ei rekkje organisasjonar på feltet, Bergen kunsthall m.fl.

På området *språk-, litteratur- og bibliotekformål* er realveksten 36,6 mill. kroner. Knappt 12 mill. går til Nasjonalbiblioteket, m.a. til digitalisering. 6,2 mill. er sett av til litteraturtiltak under Norsk kulturfond, av dette ca. 4 mill. til innkjøpsordningane for litteratur, halvparten til innkjøp av ny norsk sakprosa. Språkbanken og andre oppfølgingstiltak frå språkmeldinga vert også tilgodesett med 10 mill. kroner. Det er i budsjettet for 2010 også sett av 3 mill. nye kroner til bibliotekutvikling/modellbibliotek og 2 nye millionar til Norsk forfattersentrum.

Realveksten på *arkivfeltet* (14,2 mill.) går til Riksarkivet i Oslo og Arkivverket elles til husleige (Oslo), elektronisk arkiv, IT-utvikling mv. (8 mill.), til nye lokale for Samisk arkiv (3,3 mill) og til arbeidet med digitalisering av privatarkiv (2 mill.)

Auken til *kunstnarformål* (5 mill.) er fordelt med 1,5 (nye stipend) og 3,5 (bibliotek- og visningsvederlag).

Filmfeltet held oppe den sterke realveksten frå 2009, no med 37,8 mill. kroner. 30 mill. av dette går med til styrking av post 50 Filmfondet for å kompensere for bortfallet av den tidlegare TV2-avgifta (27 mill.) og utvikling av dataspel (3 mill.). Det vert sett av 3,8 mill. til regionale filmtiltak og 3 mill. til styrking av drifta ved Norsk filminstitutt.

Oppsummering 2010

Kulturløftet 2010 er det største for heile perioden 2006-2012. 55 pst. av realveksten (over Kulturdepartementets budsjett) dette året går til områda frivillig verksemd og scenekunst.

- Momskompensasjon for frivillige organisasjonar vert ein vesentleg del av Kulturløftet i 2010 (194 mill. kroner).
- Scenekunstfeltet får ein rekordvekst med 107 mill. kroner. 75 av desse millionane går til nasjonale og R/L-institusjonar (41 mill. av dette til DNOB). 45 av dei 75 mill. går til å dekke pensjonsutgifter og FDV-kostnader.
- Musikkfeltet har ein realvekst på 64 mill. kroner. Av dette går 37 mill. til nasjonale og R/L-institusjonar. 24 millionar av dette går til auka pensjonsutgifter og utgifter som følgje av nye arbeidsavtalar.
- Både på scenekunstfeltet og, særleg, på musikkfeltet er talet på tilskotspartar betydeleg redusert frå 2009.
- På filmfeltet går 27 mill. av ein realvekst på 38 mill. med til å kompensere for bortfallet av den tidlegare TV2-avgifta.
- På områda biletkunst mv og språk mv er strukturen i realveksten mykje lik det den var i 2009. Forholdsvis liten av realveksten går til dei store institusjonane på feltet. KORO vert igjen styrkt. På språkområdet mv vert det sett av godt med midlar (10 mill.) til

oppfølgingstiltak får språkmeldinga, og 4 mill. til å styrkje innkjøpsordningane for litteratur.

Kulturløftet 2011

Budsjettet for 2011 er òg prega av den sterke veksten i realløyving til frivillig verksemd, med heile 263 mill. kroner. Av dette går 200 til momskompensasjon til frivillige organisasjonar og 60 mill. til momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg. Dei siste 3 mill. kronene går til frivilligheitsentralane.

Tabell 6 *Realvekst Kulturløftet 2011 (mill. kroner)*

Formål	Sum (mill. kroner)	NK fordelt	Sum totalt
Frivillig verksemd	263,0		263,0
Norsk kulturråd adm mm	10,2		10,2
Fond for lyd og bilde			
Samiske kulturformål (Sametinget)			
Nasjonale kulturbygg	0,2		0,2
Tiltak under Norsk kulturråd	13,7	-13,7	-
Kunstnarformål			
Biletkunst, kunsthandverk og offentleg rom	5,3		5,3
Musikkformål	24,5	9,4	33,9
Teater- og operaformål (scenekunst)	55,7	1,3	57,0
Språk-, litteratur og bibliotekformål	8,1		8,1
Museums- og andre kulturvernformål	27,6		27,6
Arkiv	5,8		5,8
Film/medier	18,5		18,5
Pressestøtte/medier	1,0		1,0
Anna	6,6	3,0	9,6
Sum	440,2	0	440,2
<i>Utanriks</i>			
<i>KD</i>			
<i>FAD</i>	54,5		54,5
Totalt	494,7		494,7

Kulturløftet 2011 har ingen eller ubetydeleg realvekst i løyvingane til Fond for lyd og bilde, samiske kulturformål, kunstnarformål, nasjonale kulturbygg og pressestøtte. Veksten på områda biletkunst mv., arkiv og språkformål mv. er mellom 5 og vel 8 mill. Realveksten i 2011 er også betydeleg mindre på områda musikk, scenekunst og museum enn i 2009 og 2010.

Musikkfeltet har ein realvekst på 33,9 mill. kroner. Største “potten” her er 6,9 mill. kroner til Oslo-Filharmonien i samband med ny tariffavtale og 6 mill. til Rikskonsertene (“utfasing” av spelemidlar). Kristiansand Symfoniorkester får 3,4 mill. til dekking av auka husleigeutgifter i Kilden. Nordnorsk Opera og Symfoniorkester får ein realauke på 2 mill. til styrking av verksemda, Førdefestivalen 0,5 mill. og Riksscenen for folkemusikk og dans 2 mill. til “økt produksjon og formidling”. Det vert òg gitt ei realløyving på 1,5 mill. til ei ny satsing på korfeltet. Over kap. 320.74 er det lagt inn ein realvekst for USF-Verftet (scene) i Bergen med 2,3 mill., 1 mill. til Scene Finnmark og 0,5 køntriseret på Breim. På post 79 i same kapitlet er det sett av vel 4,6 mill. kroner til nye orkesteravtaler og 0,7 til ein generell auke. Samla sett går 14-15 mill. av veksten i musikkpotten til iverksetjing av nye avtalar om lønn og husleige.

Scenekunstfeltet veks med 57 mill. kroner. Av dette går heile 34,5 mill. til Den Norske Opera og Ballett, 20 mill. til husleige og 15 mill. ny orkesteravtale. Agder teater får ein realvekst på

5,2 mill., i hovudsak til dekking av husleige i Kilden. Nationaltheatrets realvekst på 2 mill. går til å dekke auka pensjonskostnader. Fleire av R/L-institusjonane får ein realvekst på mellom 1,0 til 1,8 mill., til styrking av den kunstnarlege verksemda, regionale operaforetak får mindre realvekst, det gjer også danseinstitusjonane. Avsetjinga over kap. 324.55 Norsk kulturfond/musikk vert auka med 4 mill. Av dette skal 1 mill. gå til dansetiltak. På kap 320, post 74 er det sett av mindre tilskot (0,25-0,5 mill.) til fleirkulturelle scenekunsttiltak, til Danse- og teatersentrum og til innkjøp av nye instrument til skulekorps. Samla sett går rundt 40 mill. av realauken på 57 mill. kroner til arbeidsavtalar og husleige.

Av den samla auken innan *biletkunstområdet* (5,3 mill.) går 3 mill. til å auke avsetjingar på 55-posten Norsk kulturfond, 1-årige tiltak, 1 mill. til Norsk Form og arbeidet med ulike prosjekt, 1 mill. til Bergen kunsthall og 0,3 mill. til Vestfossen kunstillaboratorium. For dei to siste går midlane til å styrke den faglege aktiviteten

På *museumsfeltet* (realauke 27,6 mill.) ønskjer departementet for 2011 særskilt å vektleggje bygningsvern. Det er sett av ein realvekst til museum med særleg mange kulturhistoriske bygningar. Vidare vert det i proposisjonen trekt fram at Norsk Fokemuseum har fått mange nye oppgåver. Det vert òg peikt at Nynorsk kultursentrum vil overta arbeidet med Olav H. Hauge-senteret og at Jærmuseet skal ha driftsansvaret for Garborgsenteret. Det er i budsjettet rom for ein samla realvekst til desse formål på i alt 27,4 mill. kroner. I tillegg er det sett av 0,2 mill. til arbeide med eit Verdsarvsenter for bergkunst ved Alta museum. Heile auken på dette området går til faglege aktivitetar, gjennom ei rekkje museumsinstitusjonar.

Området *språk, litteratur og bibliotek* er styrkt med i alt 8,1 mill. kroner i 2011. Av dette går 6 mill. til Nasjonalbiblioteket. Frå budsjettproposisjonen kan vi lese at dei nye løyvingane skal gå til utvikling av digitale tenester og til eit nasjonalt leseløft i 2011. Elles vert innkjøpsordningane (over Norsk kulturfond) for skjønnlitteratur for vaksne, barn og unge auka med 1 mill., støtta til litteraturfestivalar aukar med 0,4 mill. og med 0,2 for Bjørnsonsfestivalen, medan lyd- og blindeskriftbiblioteket får ein auke på 0,5 mill. Heile budsjettauken synest også her å gå til faglege aktivitetar, gjennom institusjonar for det meste.

Arkivverket får i alt ein realauke på 5,8 mill. kroner. Av dette er 2,8 auka husleige og 3 mill. styrking av det faglege arbeidet.

På *filmfeltet* er realveksten 18,5 mill. kroner. Av dette er 13 mill. sett av til auka tilskot til arbeid med dokumentarar, fjernsynsdrama og kinofilmar etter fordeling av Norsk filminstitutt. Vidare går det 2 mill. kroner til innkjøp av dataspel til bibliotek og 3,5 mill. til regional filmsatsing.

Kategorien “*Anna*” i tabellen omfattar m.a. utgreiningar og utval under Avdelinga for samfunn og frivillighet i departementet og utgifter til ulike kultur- og samfunnsformål.

Oppsummering 2011

Frivillighetsløftet held fram i 2011 med sterk vekst i momskompensasjonen. Heile 60 prosent av realveksten i Kulturløftet går i 2011 til frivillighetsformål.

- *Musikkfeltet* har ein realvekst på 34 mill. kroner. 15 mill. av dette går til iverksetjing av nye avtalar om lønn og husleige.
- *Scenekunstfeltet* har ein realvekst på 57 mill. kroner. 40 mill. av dette går med til dekke husleige og nye tariffavtalar ved institusjonane i Oslo og Kristiansand.

- På *museumsområdet* vert realveksten fordelt ut frå prioriterte føremål (byggningsvern, Norsk Folkemuseum, diktarheimar)
- På filmfeltet går 13 av 18,5 mill. kroner til faglege aktivitetar ved Norsk filminstitutt, m.a. arbeid med dokumentarar og fjernsynsdrama
- På området språk mv. går 6 av 8 millionar til Nasjonalbiblioteket, til vidare arbeid med digitalisering, blant anna

Kulturløftet 2012

Kulturløftet 2012 er det minste sidan 2006. Det gjeld særleg Kulturdepartementets del av Kulturløftet, som i 2012 berre er 22 mill. større enn det var i 2006. I faste prisar tilsvarar dette ein auke på 4 mill. (2012-kroner). For første gong ligg det ikkje inne nokon realauke i tilskota til frivillig verksemd. Det er (igjen) kutt i løyvingane til presseformål. Realauken til samiske kulturformål, nasjonale kulturbygg og biletkunstfeltet er liten.

Tabell 7 *Realvekst Kulturløftet 2012 (mill. kroner)*

Formål	Sum (mill. kroner)	NK fordelt	Sum totalt
Frivillig verksemd	-		-
Norsk kulturråd adm.o.a.	2,9		2,9
Fond for lyd og bilde	-		-
Samiske kulturformål (Sametinget)	0,9		0,9
Nasjonale kulturbygg	0,5		0,5
Tiltak under Norsk kulturråd	10,3	-10,3	-
Kunstnarformål	5,7		5,7
Biletkunst, kunsthandverk og offentleg rom	1,9		1,9
Musikkformål	30,6	4,3	34,9
Teater- og operaformål (scenekunst)	35,5	0,5	36,0
Språk-, litteratur og bibliotekformål	10,7		10,7
Museums- og andre kulturvernformål	30,5		30,5
Arkiv	17,6		17,6
Film/medier	19,8		19,8
Pressestøtte/medier	-3,0		-3,0
Anna	5,0	5,5	10,5
Sum	168,9	0	168,9
<i>Utanriks</i>			
<i>KD</i>			
<i>FAD</i>	<i>136,5</i>		<i>136,6</i>
Totalt	305,4		305,4

Midlane over *budsjettet til FAD* (Fornyings- og administrasjonsdepartementet) går til nytt bygg ved Sørsamisk museum og kultursenter (30 mill.), rehabilitering av Eidsvollsbygningen (65,5 mill.) og nytt bygg ved Norsk reiselivsmuseum (41 mill. kroner).

Den største realauken på *musikkfeltet* går til Kristiansand Symfoniorkester (i Kilden) (8,5 mill. kroner). Auken skal i hovudsak brukast til å styrkje den kunstnarlege aktiviteten i det nye huset. I Kulturfondmidlane (post 323.55) ligg ein realauke på 7,4 mill. til styrking av muskar- og arrangørstøtta. Trondheim symfoniorkester får 3,5 mill. i realauke til styrking av operaaktivitet, og Nordnorsk Opera- og symfoniorkester får ein realauke på 2 mill. til styrking av drifta. Rikskonsertene får ein realauke på 3 mill., dette er ei såkalla “innfasing” av midlar frå speleoverskotet. Dei (no) 12 knutepunktsinstitusjonane vert tilgodesett med ein realauke på 3,4 mill. kroner; Stiftelsen Mela (1,4), Jazzfestivalen i Molde (1,0), Norsk Country Treff (0,7) og Olavfestdagane (0,3). Midlane går i hovudsak til å styrkje drifta, men òg til dekking av auka husleige. Riksscenen for folkemusikk og folkedans og Rådet for folkemusikk og

folkedans får samla realløyving på knapt 1 mill. kroner. Den tidlegare nemnde store korsatsinga ligg inne i budsjettet (kap. 320 post 74) med ein realauke på 3 mill. kroner. Her vert det òg gitt 0,8 mill. til Dokkhuset Scene i Trondheim og 0,5 til Scene Finnmark.

Scenekunstfeltet får ein samla realvekst på 35,5 mill. kroner. “Ringverknadene” av Kilden i Kristiansand viser seg også her: Agder teater er “kulturløftvinnar” med ein realvekst på 9,3 mill. kroner i 2012. Midlane skal ifølgje proposisjonen gå til “økte driftsutgifter og styrket kunstnerisk aktivitet i nytt hus”. Realveksten for Den Norske Opera og Ballett er 5,9 mill. kroner, til å styrke Nasjonalballetten og til “verdibevarande vedlikehald”. Sju distriktsoperaer får ein realvekst på 3,8 mill., med Opera Sør (i Kilden) som budsjettvinnar (knapt 2,0 mill. kroner). Realauken for Teatret Vårt i Molde på 3,1 mill. skal i hovudsak gå til å betale auka husleige, medan auken for Det Norske Teatret på 2,6 skal nyttast til prosjektet “Det Multi Norske”. Nytt for året 2012 er oppstarten av eit arbeid for å skipe ein skodespelar- og danseallianse. Det vert gitt 3 mill. kroner til dette arbeidet. Over kap. 320.74 vert det gitt ei auka realløyving på 0,5 mill. til Dansearena Nord. Mesteparten av den samla realveksten på scenekunstrområdet går til dei etablerte institusjonane. Bakgrunnen er nye bygg, nye prosjekt, satsingar og behovet for å styrke den kunstnarlege aktiviteten.

På *museumsfeltet* vert det gitt realvekst til 18 ulike museum kring i landet med vel 23 mill. kroner. Påplussingane er i hovudsak knytte til arbeidet med kystkultur, samlingsforvaring og formidling, bl.a. gjennom digital teknologi, og er i storleiksorden frå 0,3 til 2,5 mill. kroner per museum. Størst realvekst får Oslo Museum/Norsk Teknisk Museum og Norsk Industriarbeidermuseum, begge 2,5 mill. kroner. Det kan òg noterast at Nynorsk kultursentrum får ein realauke til arbeidet med Språkåret 2013 og med Olav H Hauge-senteret I tillegg vert det sett av 7,4 mill. til arbeidet med Eidsvollbygningen til Grunnlovsjubileet 2014. Alle realløyvingane på dette området går til fagleg aktivitet.

Til *språk-, litteratur- og bibliotekformål* er det gitt ein realvekst på 10,7 mill. kroner. Knapt 5 mill. av dette går til realvekst for Nasjonalbiblioteket og Norsk lyd- og blindeskrifbibliotek. Grunngevinga er, i proposisjonsterminologi, “å styrke virksomheten”. Det vert vidare sett av 3 mill. til inkluderingstiltak på bibliotek- og litteraturfeltet. Resten av realauken vert gitt til Språkrådet (styrking av drifta i samband med ny nynorsk rettskriving), til i styrking av Kulturrådets innkjøpsordning for norsk sakprosa og til litteraturfestivalen på Lillehammer (Aasenåret) og Nynorsk Pressekontor. Alle realløyvingane går til styrking av fagleg aktivitet.

På *arkivfeltet* er realveksten 17,6 mill. kroner. 15,8 går til Arkivverket, til fleire ulike arkivfaglege oppgåver. 1,5 mill. kroner skal brukast til midlar for innreieing og utstyr i dei nye lokala til Statsarkivet i Bergen, og Arbeiderbevegelsens Arkiv får ei påplussing på 0,3 mill.

På 2012-budsjettet vert det òg lagt inn ein realauke på 5,7 mill. kroner til vederlagsordningar på budsjettkapitlet *Kunstnarformål*. Dette gjeld bibliotekvederlaget, der det i 2012 skal lagast ein ny avtale mellom staten og dei aktuelle kunstnarorganisasjonane.

Filmfeltet har ein realauke på 19,8 mill. kroner. 11,5 mill. av dette er sett av til Filmfondet, til oppgåver som utvikling av dataspel, nye vegar til lange filmar og til utvikling av fjernsynsdrama. Vidare går 4,3 mill. til innkjøpsordning for film i bibliotek og til filmhuset Tvibit i Tromsø. Regionale filmverksemdar får ein realauke på 4 mill. kroner.

Oppsummering 2012

Etter to år med sterk realvekst i løyvingane til frivillig verksemd, er det stillstand på dette området i 2012. Veksten elles i budsjettet går i all hovudsak til å styrke den kunstnarlege og faglege verksemda ved dei faste institusjonane.

- Agder er ein vinnar på budsjetta for musikk og scenekunst. Det skuldast styrking av aktivitetane i samband med innflytting i nyhuset Kilden.
- På scenekunstheltet går 25 av 36 mill. kroner til dei faste institusjonane, mesteparten til dei regionale institusjonane. Tilsvarande tal på musikkområdet er 20 av 35 millionar. Bakgrunnen for dette er at nye bygg, nye prosjekt og satsingar fører til behov for å styrke den kunstnarlege aktiviteten.
- Arkivområdet får i 2012 sin største realvekst (17,6 mill. kroner) under Kulturløftet 2006-2012, og Kunstnarformål sin nest største vekst (5,7 mill. kroner til vederlagsordningar)
- Elles får 18 ulike museum ein samla på vel 23 mill. kroner, og det vert sett vel 7 mill. til arbeid med Eidsvollsbygningen.
- Språkarbeidet vert styrkt, særleg det nynorske. Det same gjeld inkluderingsiltak på bibliotek- og litteraturfeltet og dei litterære innkjøpsordningane

Kulturløftet 2013

Kulturløftet 2013 er det største sidan rekordåret 2010. Veksten skuldast særleg auken i momskompensasjonen til frivillige organisasjonar med 300 mill. kroner, som utgjer 52 pst. av den samla realveksten på 582 mill. kroner. Kulturløftet 2013 inneber òg ei styrking av arbeidet med kultur i skulen, med knapt 34 mill. til ein «kulturskoletime» over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Gjennom denne timen skal 60 000 barn kvart år vil få eit tilbod med introduksjon til det kulturskolen kan tilby.

Tabell 8 Realvekst Kulturløftet 2013 (mill. kroner)

Formål	Sum (mill. kroner)	NK fordelt	Sum totalt
Frivillig verksemd	304 300		304 300
Norsk kulturråd, adm. o.a.	-		-
Fond for lyd og bilde	-		-
Samiske kulturformål (Sametinget)	-		-
Nasjonale kulturbygg	21 400		21 400
Tiltak under Norsk kulturråd	10 700	-10 700	-
Kunstnarformål	3 500		3 500
Biletkunst, kunsthåndverk og offentleg rom	11 100	7 000	18 100
Musikkformål	28 200	2 000	30 200
Teater- og operaformål (scenekunst)	63 000	600	63 600
Språk-, litteratur og bibliotekformål	7 100		7 100
Museums- og andre kulturvernformål	21 900		21 900
Arkiv	15 300		15 300
Film/medier	15 400		15 400
Pressestøtte/medier	10 500		10 500
Anna	13 400	1 100	14 500
Sum	525 800	-	525 800
<i>Utanriks</i>	<i>-10 000</i>		<i>-10 000</i>
<i>KD</i>	<i>43 800</i>		<i>43 800</i>
<i>BLD</i>	<i>8 000</i>		<i>8 000</i>
<i>FAD</i>	<i>14 000</i>		<i>14 000</i>
Totalt	581 600		581 600

Over Kunnskapsdepartementets budsjett er det elles sett av 10 mill. kroner til «Vikingskipene», 8 mill. på budsjettet til Barne- og likestillingsdepartementet til «stemmerettsjubileet» i 2013, 15 mill. over Forbrukar og -administrasjonsdepartementets budsjett til Håkonshallen og 10 mill. til språktiltak for samisk kultur.

På Kulturdepartementets budsjett for 2013 er det ingen realvekst for *Fond for lyd og bilde og Samiske kulturformål*. Det er ein realvekst i løyvingane til *nasjonale kulturbygg* med 21 mill. kroner, fordelt på sju forskjellige institusjonar med fire mill. kvar på Jærmuseet, Norsk folkemuseum og Notodden Bok- og Blueshus.

Musikkfeltet har sin lågaste realvekst sidan 2006 med 30 mill. kroner. Av dette går 4 mill. til auka husleige for Stavanger Symfoniorkester, 3 mill. til å styrke festivalstøtteordninga i Kulturrådet, 2,6 mill. til auke i støtteordninga for kor (Kulturrådet), 3 mill. (restinnfasing av spelemidlar) til Rikskonsertane, 2,4 mill. til å styrke Bergen Filharmoniske Orkester, 1,9 mill. til styrking av Rock City Namsos og 1,6 mill. til opptrapping av Nordnorsk Opera og Symfoniorkester. Elles vert knapt 20 ulike tiltak styrkte med mindre beløp (0,05 til 1,0 mill.).

På *scenekunstheltet* går 25 mill. av den samla realveksten på 63,6 mill. kroner til å dekkje auka pensjonsutgifter for DNOB. 4,8 mill. kroner går til «verdibevarende vedlikehold» for denne institusjonen og 2,2 mill. til fleire dansarar. Norsk kulturråd får ein auke på 5,1 mill. kroner til tiltak knytte til dansestrategi, Kilden i Kristiansand får ein auke på 4,3 mill., Bergen Nasjonale Opera 2,5 mill. og Skuespiller- og dansealliansen 2,4 mill. kroner. Resten går til eit titals tiltak med mellom 0,4 og 1,5 mill. kroner. Av den samla realveksten på scenekunstheltet er knapt 35 mill. kroner (55 pst.) sett av pensjons-, vedlikehalds- og husleigeutgifter. 4,5 mill. kroner er sett til «grunnlovstiltak» ved institusjonane. 9,5 mill. kroner er reservert dansetiltak.

Biletkunstheltet (mv.) er styrkt med i alt 18,1 mill. kroner, betydeleg meir enn i 2011-12. Det er sett av 5 mill. til etablering av ei arrangørstøtteordning og ei ny innkjøpsordning for fotobøker (over Kulturrådets budsjett), 4 mill. til Nasjonalmuseet i samband med Munchjubileet og (over post 74) 3 mill. kroner både til Bergenstriennalen og styrking av tiltak innanfor visuell kunst.

På *museumsfeltet* er realveksten den lågaste sidan 2006; 21,9 mill. kroner. Av dette går vel 3 mill. kroner til ulike driftsformål og same sum til bygningsvern og investering i Eidsvollbygningen. 3,5 mill. er sett av til markering av grunnlovsjubileet ved ulike institusjonar.

Området *språk, litteratur og bibliotek* får i 2013 ein realvekst på 7,1 mill. kroner, det lågaste i heile perioden 2006-13. 2,4 mill. går til arbeidet med digitalisering i Rana (1,4 mill. av dette til nytt digitaliseringsbygg). Litteraturformidling og litteraturfestivalar vert styrkte med 1 mill., det same gjeld produksjonsstøtta for tidsskrift (via Kulturfondet), Språkåret 2013 får ein vekst på 1,1 mill. kroner.

Arkivområdet får ein realvekst på 15,4 mill. kroner, og held fram veksten frå 2012. 12 mill. av dette går til nytt arkivmagasin av Statsarkivet i Bergen, 2 mill. til tilsyn med kommunale arkiv og 1 mill. arbeid med digitalisering.

Kunstnarformål vert styrkt med 3,5 mill. kroner, av dette 2,5 til vederlagsordningane og 1 mill. til nye kunstnarstipend

På *film- og mediefeltet* får Filmfondet ein realauke på 10 mill. kroner til tv-drama, lansering og dataspel. Det vert sett av 3,9 mill. kroner til styrking av tilsynsarbeidet i Medietilsynet og til utvikling av eit nytt datasystem. Produksjonstilskotet til aviser vert for første gong på lenge styrkt med ein realvekst, 10,5 mill. kroner i 2013.

Kategorien «*Anna*» omfattar bl.a. ein støtte på 10 mill. kroner til sjakk-OL i Tromsø i 2014 og 3 mill. til ulike kultur- og næringsprosjekt.

Oppsummering 2013

Etter ein pause i 2012 held ein i 2013 fram med å realisere løftet om 1 mrd. kroner i momskompensasjon for frivillige organisasjonar. Realveksten for 2013 på dette området er 300 mill. kroner. Det utgjør meir enn halvparten av det samla Kulturløftet for 2012, og 57 pst. av Kulturdepartementets del av Kulturløftet. Men for fleire av felta innanfor «det tradisjonelle kulturområdet» er det liten vekst i 2013:

- For 2013 er realveksten lågast eller nest-lågast for perioden 2006-2013 for *musikkfeltet, museumsfeltet* og området *språk, litteratur og bibliotek*.
- Den *visuelle kunsten* vert, etter to svake år, styrkt med 18 mill. kroner, med friske midlar både til ei ny arrangørstøtteordning, Bergenstriennalen og Munchjubileet.
- Scenekunstfeltet vert styrkt med knapt 64 mill. kroner. Av dette går 55 pst. til å dekkje utgifter til ikkje-faglege formål. På det faglege området er dansefeltet er prioritert.
- *Arkivfeltet* har sine to «beste» år under Kulturløftet i 2012 og 2013. For 2013 går mesteparten av dei friske midlane (15,4 mill. kroner) til eit arkivmagasin ved Statsarkivet i Bergen.
- For 2013 er det for første gong sidan 2007 sett av friske midlar til *produksjonsstøtte* for aviser,
- Også *filmfeltet* har ein mindre realvekst. På same måte som dei siste åra går midlane til bestemte formål innanfor Filmfondet

2. Hovudlinjene i Kulturløftet 2006-2013


Tabellen nedanfor gir eit oversyn over realveksten i Kulturløftet for perioden 2006-2013 etter område, basert på dei opplysningane eg har fått gjennom rekneark som er utarbeidde kvart år i departementet. Det er opplysningane i dei same reknearka som ligg til grunn for dei årsoversyna som er utarbeidde så langt i dette kapitlet.

Tabell 9 Realvekst Kulturløftet etter område 2006-2013 (1000 kroner)


	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Sum
Kulturløftet i alt	167 000	357 000	311 000	540 700	656 500	494 700	305 400	581 600	3 413 900
Kulturdepetet	147 000	346 400	306 000	530 700	583 500	440 200	168 900	525 800	3 048 500
Andre departement	20 000	10 600	5 000	10 000	73 000	54 500	136 500	55 800	365 400
Kulturdepartementet:									
Frivillig verksemd	17 000	21 500	7 600	20 200	210 700	263 000	-	304 300	844 300
Samiske kulturformål	7000	2 000	4 100	6 100	1 400	-	900	-	21 500
Nasjonale kulturbygg	2 500	47 500	23 200	69 000	11 600	200	500	21 400	175 900
Kunstnarformål	3 000	400	2 400	7 300	5 000	-	5 700	3 500	27 300
Biletkunst mm	5 200	17 800	19 900	24 100	18 500	5 300	1 900	18 100	110 800
Musikkformål	22 000	46 200	50 600	99 200	64 000	33 900	34 900	30 200	381 000
Scenekunstformål	15 300	61 100	76 600	88 800	107 000	57 000	36 000	63 600	505 400
Litteratur, språk, bibliotek	8 000	22 300	31 500	42 300	36 900	8 100	10 700	7 100	166 900
Museum og kulturvern	5 000	34 500	29 000	83 000	46 000	27 600	30 500	21 900	277 500
Arkivformål	-	3 600	13 100	13 700	14 200	5 800	17 600	15 300	83 300
Filmformål	14 000	20 200	14 100	34 700	37 800	18 500	19 800	15 400	174 500
Medie/pressestøtte	17 300	21 500	-4 200	3 200	4 000	1 000	-3 000	10 500	50 300
Rally-VM (2006)	17 000								17 000
Kulturby Stavanger (2007)		20 000							20 000
Andre formål	13 700	27 800	38100	39 100	26 400	19 800	13 400	14 500	192 800
Sum Kulturdepartementet	147 000	346 400	306 000	530 700	583 500	440 200	168 900	525 800	3 048 500

Tabellen viser at den samla realveksten i Kulturløftet for perioden 2006-2013 i løpande kroner var vel 3,4 mrd. kroner. Av dette utgjorde veksten over Kulturdepartementets budsjett vel 3 milliardar kroner. (*Reknar vi tala for kvart av åra om i 2012-prisar, vert dei tilsvarande beløpa i overkant av 3,6 og vel 3,2 mrd. kroner*). På Kulturdepartementets budsjett er utgiftene til frivillig verksemd, scenekunstformål og musikkformål dei tre største postane i den samla realveksten i Kulturløftet. Til saman utgjer dei 57 pst. av Kulturløftet over KUD-budsjettet. Momskompensasjonen til dei frivillige organisasjonane i 2010, 2011 og 2013 summerer seg opp til 694 mill. kroner, og utgjer aleine 23 pst. av Kulturløftet i KUD.

Dei to figurane på neste side viser realveksten etter dei viktigaste formåla 2006-2013.



I figuren nedanfor har vi òg teke med den delen av Kulturløftet som har fått realvekst over budsjettet til andre departement (2006-2009: UD, 2010: UD, KD, FAD, 2011-2012: FAD, 2013: UD, KD, BLF)



Kulturløftet og dei faste kulturinstitusjonane

Når det gjeld innretninga av veksten innanfor dei ulike budsjettkapitla og i kva grad veksten har gått til kunstnarleg og fagleg aktivitet, har dette variert mellom dei ulike kapitla og formåla. Det har òg, som den detaljerte framstillinga ovanfor har vist, variert betydeleg frå år til år. Dei fleste åra er institusjonsdelen, den delen av veksten i realløyvinga som går til nasjonale og regionale/lokale institusjonar innanfor områda *musikk* og *scenekunst*, forholdsvis høg. På begge desse områda er jamt over realveksten relativt høgare for institusjonar utanfor Oslo enn for Oslo-institusjonane. Nokre år er også ein (stor) del av realveksten øyremerkt til dekking av pensjonsutgifter, til effekten av endra lønnsavtalar og nye FDV-oppgåver

Ein relativt stor del av realveksten innanfor *biletkunstområdet mv.* går til den dominerande institusjonen Nasjonalmuseet. Innanfor *språk/litteratur/bibliotek* går det relativt mykje pengar til Nasjonalbiblioteket. På *arkivområdet*, som har ein forholdsvis beskjeden vekst, går nesten heile realveksten til Arkivverket, som omfattar Riksarkivet, 8 statsarkiv og Samisk Arkiv. På *museumsområdet* er realveksten derimot fordelt på kvart enkelt museum i det talmaterialet eg har fått. Dette har skjedd som ein del av det omfattande arbeidet med museumsreforma i Noreg. Fordelinga skjer etter prioriterte formål i departementet og etter resultat som dei ulike musea har vist åra før. Den langt største delen av løyvingane på dette området går til gjennomføringa museumsreforma. Nesten alle musea i landet høyrer til på same budsjettkapittel og -post, kap. 328.70.


Nedanfor har vi laga ein tabell som viser delen av realveksten i Kulturløftet som har gått til (dei store) institusjonane på fire område. På musikk- og scenekunstområdet har vi rekna med nasjonale institusjonar, r/l-institusjonar, knutepunktinstitusjonar og Rikskonsertene og Riksteatret. På biletkunstområdet har vi teke med Nasjonalgalleriet, og på området språk/litteratur/bibliotek Nasjonalbiblioteket. Vi har *ikkje* teke med Arkiv- og museumsområda, sidan ein så stor del av realvekstmidlane her går til same institusjonsformål.

Tabell 10 *Institusjonsdel for fire kulturområde Kulturløftet 2006-2013. Mill. kroner.*

		2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Sum
Musikk- formål	Institusjons- vekst (n/rl/kp)	2,0	23,0	28,3	33,4	38,3	18,7	21,4	18,9	184,0
	Totalvekst	22,0	46,2	50,6	99,2	64,0	33,9	34,9	30,2	334,8
	Institusjon (i %)	9,1	49,8	55,9	33,7	59,8	55,2	61,3	62,6	55,0
Scene- kunst	Institusjons- vekst (n/rl/kp)	6,3	36,8	54,1	42,8	76,7	47,0	23,4	48,1	335,2
	Totalvekst	15,3	61,1	76,6	88,8	107,0	57,0	36,0	63,6	444,3
	Institusjon (i %)	41,2	60,2	70,6	48,2	71,7	82,5	65,0	75,6	75,4
Biletkunst mv.	Institusjons- vekst	2,0	8,0	15,0	1,4	3,8	0,0	0,0	4,4	34,6
	Totalvekst	5,2	17,8	19,9	24,1	18,5	5,3	1,9	18,1	110,8
	Institusjon (i %)	38,5	44,9	75,4	5,8	20,5	0,0	0,0	24,3	31,2
Språk, litteratur, bibliotek	Institusjons- vekst	0,0	3,0	21,9	14,0	12,0	6,0	5,0	2,4	64,3
	Totalvekst	8,0	22,3	31,5	42,3	36,9	8,1	10,7	7,1	166,9
	Institusjon (i %)	0,0	13,5	69,5	33,1	32,5	74,1	46,7	33,8	38,5
I alt	Institusjons- vekst, 4 område	10,3	70,8	119,3	91,6	130,8	71,7	49,8	73,8	618,1
	Totalvekst	50,5	147,4	178,6	254,4	226,4	104,3	83,5	119,0	937,7
	Institusjon (i %)	20,4	48,0	66,8	36,0	57,8	68,7	59,6	62,0	65,9

Tabellen viser at institusjonsdelen, slik vi har definert den, er klart størst på *scenekunstheltet*. Ein forholdsvis stor del av dette skuldast opptrapping av løyvingane til Den Norske Opera og Ballett, som nyt godt av 200 av dei i alt 335 mill. (60 pst.) til institusjonane på scenekunstmrådet. Prosentdelen er høgast i 2011 (82,5 pst.) og lågast i 2006 (41,2) og 2009 (48,2). På *musikkområdet* er institusjonsdelen også høg, heile 55 pst. perioden under eitt. Prosentdelen er låg i 2006 (9 pst.) og i rekordåret 2009 (34 pst). Dei andre åra varierer delen mellom 49,8 og 62,6 pst. På musikkområdet er det ingen storinstitusjon som fer med mesteparten av pengane, men talet på knutepunktsinstitusjonar har vakse i perioden. Nasjonalmuseet reiser i 2008 med 75 pst. av realveksten på *biletkunstmrådet*, medan Nasjonalbiblioteket i 2011 reiser med 74 pst. og i 2008 med 69,5 pst. av realveksten innanfor området *språk/litteratur/bibliotek*. På desse to områda har realveksten vore liten i 2011 og 2012, for sistnemnde område var veksten beskjeden også i 2013. Samla for perioden har 31,2 og 38,5 pst. av løyvingane på desse to felta gått til dei to store institusjonane.

Den samla institusjonsdelen på dei fire felta varierer i perioden mellom 20,4 pst. i innleiingsåret 2006 og 68,7 pst. i 2011. Samla sett er institusjonsdelen så høg som 65,9 pst. Året 2009 merkjer seg ut, som vi alt har vore inne på, som eit godt år for den ikkje-institusjonaliserte kulturen. I dei sju åra med Kulturløftet har denne delen av kulturen på dei fire områda i tabellen aldri fått meir pengar enn i året 2009. Det bør likevel leggast til at grensene mellom den "frie" og den "institusjonaliserte" kulturen ikkje er absolutte. Tala i tabellen er likevel klare indikasjonar på strukturen i fordelinga av midlane i Kulturløftet dei ulike åra, jf. figurane nedanfor, som godt illustrerer dei store svingingane frå år til år når det gjeld forholdet mellom institusjonsmidlar og frie (eller friare) midlar frå år til år i Kulturløftet for dei fire områda vi har valt ut her.



Ikkje-faglege og ikkje-kunstnarlege utgifter

Som det har gått fram av gjennomgangen for dei enkelte åra, har realvekstmidlane i Kulturløftet ikkje berre gått til å styrke kulturproduksjonen og den (kultur)faglege aktiviteten. Delar av dei friske midlane har gått til å dekke utgifter til nye pensjonskostnader, til nye lønns- og arbeidstidsordningar, til auka husleige og til det som vert kalla FDV-kostnader. Denne delen var spesielt stor i 2010, men vi finn element at dette også dei fleste andre åra. Det seier seg sjølv at det er dei store institusjonane som først og fremst treng midlar til å kompensere for auka driftsutgifter av denne type. Det har òg hendt at Kulturdepartementet har brukt midlar frå Kulturløftet til å kompensere for bortfall av annan støtte. Det skjedde mellom anna i 2008 då Forsvarsdepartementet trekte tilbake si støtte til ein del av dei regionale symfoniorkestra. Dette bortfallet vart kompensert for gjennom midlar frå Kulturløftet. Dei fleste åra ligg det òg inne ein del *interne omdisponeringar*. Det er, for vårt formål, lite å vinne å gå særleg inn i dette.

Kjeldematerialet eg har hatt til disposisjon, gjer det for det meste mogleg å finne ut, i alle fall i store trekk, kor mykje av midlane til Kulturløftet som har vorte nytta til ikkje-kunstnarlege og ikkje-faglege formål, slik mandatet bed om. Samtidig er det grunn til å minne om at verdslege ting som auka husleige og høgare pensjonskostnader, nye lønnsavtalar og større vedlikehaldskostnader er noko som også råkar kunstnarinstitusjonar. At den viktigaste eigaren kompenserer for dette gjennom eit tiltak som Kulturløftet, verkar langt frå urimeleg.

I 2006 går alle midlane i Kulturløftet til styrking av kunstnarlege og faglege aktivitetar. Men det ligg inne eit kompensasjonselement når det gjeld kunstnarstipend og pressestøtte, mellom anna ei oppretting av kutt som den førre regjeringa gjennomførte.

I 2007 ligg det inne auka husleige for Nasjonalmuseet med 8 mill. (Arkitekturmuseet), 0,3 mill. til pensjonsordning for Carte Blanche og diverse andre tiltak, m.a. Dansens Hus 1-2 mill. kroner. I alt ca. 10,5 mill. kroner av eit samla Kulturløft på 357 mill. kroner.

I 2008 går det med 1,7 mill. kroner til auka husleige for Ultimafestivalen, 4,7 mill. til auka driftsutgifter for Den Norske Opera, 7 mill. til dei tre nasjonale teaterinstitusjonane for å dekke lånefinansiering av utbetningsbehov, og ca. 7 mill. til Dansens Hus (auka husleige og nye driftskostnader). Av Arkivverkets midlar går 2,7 mill. til husleige og drift i nye lokale. Av dei 15 nye millionane til Nasjonalmuseet går noko til dekking av utgifter knytt til etablering og drift i nye lokale. I alt går det dette året mellom 25-30 millionar kroner av Kulturløftet (på 311 mill. kroner) til ikkje-faglege formål.

Kulturløftet i 2009 er spesielt når det gjeld talet på tiltak og institusjonar som får eit løft. På musikkfeltet er nesten heile "løftet" på nærmare 100 mill. kroner sett av til auka fagleg/kunstnarleg verksemd. Eit unntak er 2,7 mill. i husleigekostnader for Oslo-Filharmonien. På scenekunstoprådet går 7 mill. av veksten hos Den Norske Opera og Ballett til auka FDV-kostnader, og Riksteatret får 2,6 mill. til auka diettkostnader. Det er alt. Berre 12,3 mill. av eit Kulturløft på 540 mill. kroner i 2009 går til ikkje-kunstnarleg og ikkje-fagleg verksemd. Det utgjer vel 2,3 prosent.

I 2010 er bildet, som vi alt har vist, eit anna. På musikkområdet går vel 24 mill. kroner av realveksten (på 36,6 mill.) til dei største institusjonane (n/rl) til å dekke auka pensjonsutgifter, FDV mm. På scenekunstoffeltet går 45 mill. kroner av realveksten (på 76 mill.) til dei største institusjonane (n/rl) til same formålet. Elles går mykje veksten til Arkivverket til å dekkje auka husleige og tidlegare underdekninga av drift (i alt 6,2 mill. kroner). Ikkje-faglege/ikkje

kunstnarlege formål utgjer i alt såleis 75,2 mill. av eit samla Kulturløft i KUD på 584 mill. kroner.

I 2011 går 14-15 millionar av veksten på musikkområdet (33,9 mill.) til dekking av tariffavtalar, auka husleigeutgifter og nye orkesteravtalar. På scenekunstheltet går heile 42,7 av 57 mill. nye kroner til å dekke husleige, ny orkesteravtale og pensjonsutgifter for Den Norske Opera og Ballett, Kilden og Nationaltheatret. Arkivverket får 2,8 mill. til auka husleige. I alt går såleis ca. 60 mill. kroner av eit samla Kulturløft på 440 mill. til å auka ikkje-faglege oppgåver.

I 2012 går ca. 4,5 mill. kroner av veksten på musikkområdet (34,9 mill.) til auka kostnader i samband med nye "overenskomster". Ein del av realauken for Kristiansand symfoniorkester/Kilden på 8,5 mill. går til auka driftsutgifter. På scenekunstheltet er korskje oversynet over prioriterte tiltak i Kulturløftet eller budsjettproposisjonen særleg klar når det gjeld kor mykje av veksten som går til ikkje-kunstnarlege tiltak. Vi kan under tvil seie at det som vert kalla "verdibevarende vedlikehold" for Den Norske Opera og Ballett høyrer med under det ikkje-kunstnarlege. Dette formålet får 3,8 mill. av realauken for denne institusjonen. I tillegg får Teatret Vårt 2,6 mill. til å dekkje auka husleige. Ein del av realauken for Agder teater/Kilden (9,3 mill.) skal òg i følgje proposisjonen gå til å dekkje auka driftsutgifter. Men dei nye utgiftene til Kilden er både på musikk- og teatersida mest å rekne som kunstnarlege utgifter. Elles går 1,5 mill. kroner av Arkivverkets samla Kulturløftsmidlar på 17,6 mill. kroner til innreining og utstyr til dei nye lokala i Bergen. Samla sett går ca. 15 mill. kroner av realveksten i Kulturløftet 2012 (på i alt 169 mill. kroner) til ikkje-faglege formål.

Det siste Kulturløftet i 2013 har relativt få realvekstpostar knytt til ikkje-faglege formål. Største posten finn vi på *scenekunstheltet*. Her går 25 mill. kroner til å dekke auka pensjonsutgifter ved Den Norske Opera og Ballett og knapt 5 mill. til vedlikehaldskostnader. På scenekunstheltet elles er det sett av rundt 5 mill. til ikkje-faglege formål ved ein del andre institusjonar (husleige, driftskostnader elles). Samla sum til ikkje-faglege formål er 35 mill. kroner. Det utgjer 55 pst. av Kulturløftet på scenekunstheltet for 2013. På *musikkområdet* går 4,1 mill. kroner til auka husleige for Stavanger symfoniorkester i det nye konserthuset i byen. Samla ikkje-faglege utgifter på dette feltet er 5,2 mill., eller 17 pst. av Kulturløftet på musikkområdet. På museumsområdet er dei ikkje-faglege utgiftene vurdert til å utgjere 3,5 mill. kroner. Så vidt eg sjå, er det ikkje andre (større) ikkje-faglege utgifter i 2013-budsjettet.

Vi kan samanfatte det som er sagt ovanfor, i følgjande tabell:


Tabell 11 Ikkje-kunstnarlege/ikkje-faglege realutgifter i Kulturløftet 2006-2012

		2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Sum
Ikkje-faglege formål	Ikkje-faglege formål, mill. kr.	0	10,5	28,0	12,3	75,2	60,0	15,0	43,7	244,6
	Totalvekst KUD, mill.	147	346,4	306,0	530,7	583,5	440,2	168,9	525,8	3048,5
	Ikkje-faglege utg. i pst.	-	3,0	9,2	2,3	12,9	13,6	8,9	8,3	8,0
	Ikkje-faglege utgifter i pst. utanom Frivilligheitsområdet	-	3,2	9,4	2,4	20,2	33,9	8,9	19,7	11,1

Etter dei opplysningar vi har, utgjer dei ikkje-kunstnarlege eller ikkje-faglege utgiftene i Kulturløftet 8,3 prosent av den samla realveksten. Prosentdelen varierer mellom 0 (2006) og 13,6 (2011). Av dei ikkje-faglege utgiftene i Kulturløftet fell heile 162 mill. kroner (67 pst.)

på scenekunstheltet og 54 mill. (22 pst.) på musikkområdet. Arkiv står for 13,2 mill. kroner (5,5 pst.).

I den nedste lina i tabell 10 har vi halde utgiftene til frivilligheitsformål utanom prosentueringsgrunnlaget. Dvs. vi ser dei ikkje-faglege utgiftene i Kulturløftet i forhold til samla utgifter innanfor det «tradisjonelle» kulturområdet. Dette er den mest relevante måten å få fram eit samanlikningsgrunnlag på. Vi ser då at prosenttala endrar seg betydeleg for åra 2010, 2011 og 2013. I 2011 vart 1/3 av realløyvingane til Kulturløftet til det «ordinære» kulturområdet sett av til ikkje-faglege formål, jf. figur 5 nedanfor. I 2010 og 2013 er prosentdelen rundt 20. Auka pensjonsutgifter (særleg) og auka husleigeutgifter utgjær mesteparten av dei ikkje-faglege utgiftene i Kulturløftet



Eg har nytta talmateriale eg har fått frå departementet om fordelinga av Kulturløftet på område og formål for kvart av åra 2006-13 koplå med supplerande opplysningar i budsjettproposisjonane som grunnlag for fastsetjing av dei ikkje-faglege utgiftene i Kulturløftet. Sidan grensene mellom oppgåver av fagleg og ikkje-fagleg art ikkje er heilt klare, vil det likevel vere eit element i skjønn når det gjeld vurdering av ulike utgiftsarter.

Vi skal til slutt sjå kort nærmare på utviklinga gjennom perioden for dei enkelte kulturområda.

1. Frivillighet

Uventa for mange kanskje, er Frivillighetsektoren budsjettvinnaren i Kulturløftet med 844 mill. friske kroner i perioden 2006-13. Heile 27,7 pst. av den samla realveksten i Kulturløftet over KUD-budsjettet gjekk til frivilligheitsformål. Nesten alle desse midlane kom i 2010,

2011 og 2013 med momskompensasjonen til frivillige organisasjonar i samfunns- og idrettslivet (694 mill. kroner) og momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg (60 mill. kroner). Denne kompensasjonen utgjer samla 89 pst. av Kulturløftet på dette frivillighetsområdet. Resten har hovudsakleg gått til Frivillighetsentralar og til opparbeiding av støtteordninga Frifond. Slik eg forstår det, gjenstår det framleis ei opptrapping på 300 mill. kroner når det gjeld momskompensasjon, sidan intensjonen er at ordninga med momskompensasjon for frivillige organisasjonar skal trappast opp med i alt éin milliard kroner fram til 2014.

2. Samiske formål

Midlane vert sett av til Sametinget som står for den vidare fordelinga. Samla realvekst er 21,5 mill. kroner, mest i 2009 (6,1 mill.). Ingenting i 2011, og berre 0,9 mill. i 2012. I 2013 vart det sett av 10 mill. til språktiltak for samisk kultur over budsjettet til Forbrukar- og administrasjonsdepartementet.

3. Nasjonale kulturbygg

Samla realvekst 175,9 mill. kroner. Mest i 2009 (69 mill.), svært beskjeden auke i 2011 og 2012. Listene mine gir ikkje realveksttal for det enkelte bygg etter 2007. Men av proposisjonen og dei samla løyvingstala ser vi at løyvingar til Rockheim (Trondheim), Kilden (Kristiansand) og Konserthuset (Stavanger) har fått brorparten av desse midlane i perioden 2007-2010.

4. Kunstnarformål

Dette omfattar statlege kunstnarstipend og garantiinntekter pluss bibliotek- og visningsvederlag. Satsane for dei to kollektive vederlaga vert forhandla fram mellom Staten og opphavsrettsorganisasjonane. Realveksten på området samla har vore relativt beskjeden (27,3 mill. kroner), mest i 2009 og ingenting i 2011. Den største delen av realveksten har gått til bibliotekvederlagsordninga, der resultatet vert fastsett etter forhandlingar mellom staten og rettshavarorganisasjonane.

5. Museum og kulturvern

Dette er det fjerde største området i Kulturløftet under KUD, med 277,5 mill. kroner i realvekst. Største året er også her 2009 med 83 mill. kroner. Fleire av åra er realveksten rundt 30 mill. På museumsida fell Kulturløftsperioden saman med den store museumsreforma. Nesten all realveksten på dette museums- og kulturvernområdet vert kvart år kanalisert inn i det som heiter "Det nasjonale museumsnettverket". Løyvingane har kvart gått til 20-50 museum i nettverket, etter ein plan og kriterium utarbeidd i departementet, der ulike formål er prioriterte ulike år. Noko av løyvingane vert òg fordelte etter resultat.

Utanom løyvingane til museumsnettverket er det funne rom for realvekst for nokre få tiltak årleg. Dette gjeld organisasjonar som Landslaget for lokalhistorie, Norges Husflidslag, Norges kulturvernforbund og tiltak som Skibladner, Jødisk Museum, Norsk Skogfinsk Museum, fleire vitensenter mm. I 2010 utgjorde løyvingane til 14 slike tiltak i alt 8,1 mill, og utgjorde då 18 pst. av den samla veksten over museumskapitlet. I 2009 er talet på tiltak 9 og (netto)summen 3,9 mill., som utgjer 4,6 pst. den samla veksten på kapitlet. Dette året er det funne rom for 6 mill. kroner til arbeidet med Kulturminneåret 2009. Dei andre åra er talet på tiltak over post 78 mellom 0 og 5. I 2008 er det sett av 2,8 mill. kroner (også) over denne posten til drift av pop- og rocksenter i Trondheim og Namsos. I 2012 er det sett av 7,4 mill. til Grunnlovsjubileet, i 2013 3,5 mill.

Den museumseininga som gjennom perioden har vorte tildelt mest realvekstmidlar, er det nye opplevingssenteret for pop og rock i Trondheim (og Namsos), med til saman 43 mill. kroner i perioden 2008-2010. Det utgjør 15,4 pst. av den samla realveksten på dette området for perioden 2006-2013. Det er òg verd å merke seg at Nynorsk kultursentrum har ein samla realvekst i perioden med 4,2 mill. kroner, 2,8 av dette i 2011-12.

Konsolideringsarbeidet i museumssektoren, vurdert ut frå det materialet eg har hatt til disposisjon, verkar å ha vore godt styrt og planlagd. Realvekstmidlane i Kulturløftet synest å ha vorte fordelte ut frå klare prioriteringar i departementet og etter resultat i institusjonane. Museumsreforma har elles ført til betydeleg fagleg styrking av kulturinstitusjonane, særleg i regionane.

6. Arkiv

Som alt nemnt går nesten heile realveksten på dette området til Arkivverket, som omfattar Riksarkivet, 8 statsarkiv og Samisk Arkiv. Realveksten for perioden er i alt 83,3 mill. kroner. 2012 er året med størst vekst, 17,6 mill. kroner, og neststørst vekst i 2013. Talet på avsetjingar på 78-posten er svært liten, og dreier seg mest om nokre hundretusen til Arbeiderbevegelsens Arkiv nokre av åra. I 2010 vert det sett av 2 mill. kroner til arbeidet med digitalisering av privatarkiv.

7. Film

Filmfeltet har ein samla realvekst på 174,5 mill. kroner, med størst vekst i 2010; 37,8 mill. Men 27 mill. av veksten i 2010 er ein kompensasjon for bortfallet av den tidlegare TV2-avgifta. Brorparten av midlane går til ulike spesifiserte formål ved Norsk filminstitutt, som vart etablert 1. april 2008 etter ei samanslåing av Norsk filmfond, Norsk filmutvikling, Norsk filminstitutt og Norsk filmkommisjon. Av den samla realveksten har 126 mill. kroner gått til den sentrale filminstitusjonen, 30,7 til eit titals regionale filmverksemdar og 15,5 mill. til andre formål. Føringsane i løyvingane til den sentrale institusjonen har siste åra vorte klarare, og dreidd seg om at det skal arbeidast meir med utvikling av dataspel, nye vegar til lange filmar og utvikling av fjernsynsdrama (dokumentarar, fjernsynsdrama og kinofilm), utvikling av dataspel.

Av dei samla Kulturløft-løyvingane på dette området gjekk ca. 31 mill. kroner (18 pst.) til regionale filmverksemdar. Resten av midlane (82 pst.) gjekk i all hovudsak til det nasjonale filmorganet, som no heiter Norsk filminstitutt. Det er per i dag 13 regionale filmverksemdar; åtte filmsenter og fem filmfond. Statstilskota til desse skal ikkje brukast til drift. Alle fylka i landet, unntatt Oslo, er frå 2012 knytte til eit regionalt filmsenter. Veksten i dei regionale filmlyyvingane har variert mellom 2,2 mill. (2008) og 8,2 mill. (2009). Dei andre fem åra har dei lege mellom 3,5 og 5 mill. kroner. For 2013 er det ingen realvekst for dei regionale tiltaka.

8. Media/pressetøtte

Dette feltet har ein samla realvekst på 50,3 mill. kroner. To av åra har vore realnedgang. Realvekst av noko omfang har det vore berre i 2006 og 2007. I 2006 skuldast dette gjenopprettinga av nedgang i løyvingar i den førre regjeringa (pressestøtte og databasen Medie-Norge), mens det i 2007 vart det sett inn 14,3 mill. kroner til kompensasjon for auka portoutgifter og nokre andre spredda tiltak. For 2013 er det lagt inn ein realvekst på 10,5 mill. kroner i auka produksjonstilskot for aviser.

Dei fire områda vi til slutt skal sjå på, er spesielle i den forstand at det her er funne rom for løyvingar ikkje berre til institusjonar og institusjonaliserte tiltak, men òg til fleire andre tiltak, både over budsjettkapitla til dei fire områda, og over post 74 og 78 på kapittel 320. Som vi alt har sett, har likevel institusjonsdelen vore tung nokre år også på desse områda. Men kva for andre tiltak har realveksten gått til, og finst det noko system kring dette over tid?

9. Biletkunst/kunsthåndverk og offentleg rom

Den samla realveksten på dette området er 110,8 mill. kroner. Toppåret er også her 2009, med 24,1 mill. Den store samlande institusjonen på feltet, Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design vart oppretta i 2003 ved samanslåing av Nasjonalgalleriet, Kunstindustrimuseet i Oslo, Museet for samtidskunst og Arkitekturmuseet. I 2005 vart så Riksutstillingar overført til museet. Utviklinga etter den tid har vore prega av ein del uro. Det gjeld m.a. planen om bygging av heilt nytt nasjonalmuseum på Vestbanetomta. Som det går fram av tabell 10 ovanfor, har knapt ein tredjedel av realvekstløyvingane gått til Nasjonalmuseet. I 2010 og 2011 var det liten realvekst på dette området, og ikkje noko av veksten gjekk til hovudinstitusjonen. I mai 2012 vart stortingsmeldinga «Visuell kunst» lagt fram, og budsjettforslaget på området er betydeleg styrkt for 2013.

Talet på tiltak elles som får sin del av veksten i denne perioden, varierer årleg mellom 2 (2012) og 25 (2009). Bergen Kunsthall er den einaste institusjon som får realvekst kvart år utanom 2013, i alt 7,3 mill. kroner. Realveksten er for det meste knytt til det arbeidet kunsthallen har med den årlege «Festspillutstillingen». KORO reiser av garde med knapt 9 mill. kroner over fem år, OCA med rundt 4 mill. over fire år og Norsk Form med 3 mill. over like mange år. I desse fire tiltaka ligg truleg ei langsiktig prioritering. Talet på tilskotsparter er størst i 2009 og 2010 med ca. 25 og 20 «tiltak». Her finn vi rundt 10 kunst- og kunstnarorganisasjonar innanfor med ein realvekst på mellom 80.000 kroner og 600.000 og nokre regionale kunsttiltak som Vestfossen kunstillaboratorium, Nordnorsk kunstsenter og Bomuldsfabrikken Kunsthall, pluss mangfaldstiltak (2009), nettverk for elektronisk kunst mm.

Mesteparten av løyvingane på dette feltet har gått til å styrke eksisterande institusjonar, organisasjonar og tiltak.

10. Språk/litteratur og bibliotek

Samla realvekst på dette området er 166,9 mill. kroner. Toppåret er 2009, med 42,3 mill. kroner, botnåret 2013 (7,1 mill.). Den sentrale institusjonen på feltet, Nasjonalbiblioteket, reiser for heile perioden med 38,5 pst. av realveksten, jf. tabell 10. Prosentdelen har variert mellom 0 og 74,1 pst. (2011). Det seier seg då sjølv at talet på andre tiltak som kan få særleg realvekst, vil variere.

Litteraturstøtteordningane gjennom Norsk kulturfond har realvekst i fem av dei åtte åra under Kulturløftet med i alt 24 mill. kroner (14 pst. av samla vekst på feltet), mest til utviding av ordninga med innkjøp av norsk sakprosa. Utviklinga av ei bibliotekteneste i fengsel får 8,6 mill. over fire år. Ulike tiltak (m.a. ordbok, leksikon, ny rettskriving) på nynorsksida får ein realvekst på knapt 9 mill. kroner over seks år. Oppfølging av språkmeldinga frå 2008 får ein realvekst på 9,5 mill. i 2009, m.a. til skipinga av ein språkbank. Året etter vert det sett av 2,5 mill. til språktiltak som oppfølging av meldinga, og 5,5 mill. særskilt til språkbanken, og for 2013 1,1 mill. til Språkåret 2013. I 2006 og 2007 vert det funne rom for i alt 10,5 mill. kroner til Ibsenjubilet og ein Ibsenpris.

Dei høgast prioriterte tiltaka på dette området inngår i omtalen ovanfor. Det kan elles nemnast at det i 2010 vart sett av 3 mill. til bibliotekutvikling/modellbibliotek og i 2012 vart same beløp sett av til utviklingsmidlar i samband med den nyss framlagde Inkluderingsmeldinga. I “godåret” 2009 fann ein rom for ein liten realvekst til rundt 10 ekstra tiltak på litteraturområdet (bokbyar, festivalar, prosjekt, foreiningar mm.)

Her kan vi òg føye til at både når det gjeld Nasjonalbiblioteket, Arkivverket og det tidlegare ABM-utvikling er det fleire av åra øymerkt delar av realveksten til arbeid med digitalisering. Det gjeld både i 2007, 2009, 2010, 2012 og 2013, i alt med 30,4 mill. kroner. Av dette har knapt 20 mill. gått til Nasjonalbiblioteket.

Utanom den sentrale institusjonen har realveksten her i hovudsak gått til utviding av etablerte innkjøpsordningar for litteratur, til ei rekkje språklege tiltak, inklusive fleire nye, til utvikling av ei bibliotekeneste i fengsel og til Ibsentiltak.

11. Scenekunst

Scenekunst er “vinnaren” blant kulturområda i Kulturløftet med i alt 505,4 mill. kroner i realvekst i perioden. I tabell 12 nedanfor har vi fordelt realveksten til scenekunst etter type institusjon og område for kvart av åra i perioden.

Tabell 12 Realvekst Kulturløftet 2006-2013 på scenekunstmrådet (mill. kroner)

	DNOB	Riks- teatret	Nasj. inst.	R/L- inst.	R/D- opera	Dans	Annan scene- kunst	Norsk kultur- fond	Kap 320.74 Ymse	SUM
2006	0,0	1,0	0,0	5,0	2,5	0,5	0,8	5,0	0,5	15,3
2007	25,0	1,5	0,0	10,3	3,1	7,4	5,2	0,9	7,7	61,1
2008	37,0	0,0	7,0	8,2	4,1	9,4	4,3	4,0	2,6	76,6
2009	25,0	2,6	4,0	11,2	9,6	4,9	16,3	5,2	10,0	88,8
2010	41,7	0,0	14,3	19,9	6,1	0,9	17,6	5,5	1,0	107,0
2011	34,5	0,0	2,0	10,5	1,0	0,5	3,2	4,0	1,3	57,0
2012	5,9	1,0	2,6	13,9	3,6	0,0	4,5	4,0	0,5	36,0
2013*	34,2	0,0		9,1	3,4	3,8	2,6	5,1	0,6	63,6
			4,8							
SUM	203,3	6,1	34,7	88,1	33,4	27,4	54,5	33,7	24,2	505,4

*) 5,0 i ufordelte midlar er i tabellen delt med 2,5 mill. kvar på DNOB og Nasjonale institusjonar

Som vi alt har sett, reiser Den Norske Opera og Ballett av garde med 203,3 mill. av realveksten på 505,4 mill. kroner. Det utgjør 40 pst. av samla realvekst. Riksteatret har berre ein liten vekst. Realveksten er betydeleg større for dei 13 R/L-institusjonane enn for dei tre nasjonale teatera. Talet på R/L-institusjonar har i perioden auka med éin, då Nord-Trøndelag Teater kom med i denne kategorien frå 2009. Kategorien Region-/distriktsopera omfattar no åtte tiltak/institusjonar, med Den Nye Opera i Bergen og Operaen i Kristiansund som dei to klart største, med til saman 58 pst. av den samla statlege løyvinga på denne posten i 2012. Tilskota til Opera Nord/Musikkteater i Bodø og Musikkteater i Trondheim vart frå 2010 førte over til musikkapitlet i budsjettet. Når vi ser på realveksttala for scenekunstinstitusjonane, må vi ha med oss at mykje av realveksten i 2010, delvis òg i 2011 og 2013, gjekk til ikkje-kunstnarlege formål.

Også *dansetiltaka* er delvis institusjonaliserte. Største løyvinga, og største realveksten, i perioden har gått Dansens Hus, den nasjonale scena for dans. Dansepostane vart fram til 2011

førte over ein eigen post, post 75. Frå 2011 er støtta til dansetiltaka førte over post Norsk kulturfond, post 55 og 56. I 2011 er 1 mill. (av ein realvekst på i alt 4 mill.) frå denne posten øyremerka danseformål, i 2012 er nesten heile potten på 4 mill. sett av dansetiltak; 2 mill. til ei ny ordning for arrangørar av dans, inklusive dansefestivalar, og 1 mill. til pilotordning for profesjonelle regionale danse miljø. Det vert òg lagt føringar om at danseprosjekt skal prioriterast av den eine millionen som vert sett av til realvekst for gjestespel/formidling. For 2013 er heile kulturfondspotten på 5,1 mill. kroner sett av til tiltak knytte til utvikling av ei dansestrategi, og heile realveksten for R/L-institusjonen Carte Blanche på 0,7 mill. er sett av til dansestrategi. 2 mill. av driftsrealveksten for DBOB gjeld nye dansarar. Dansen har såleis i 2011-2013 delvis opp den gode realveksten han hadde i åra 2007-2009.

Posten “*Annan scenekunst*” er ein sekkepost. Tiltaka som er skjulte her, har fått si finansiering på scenekunstkapitlet, post 78 Ymse faste tiltak. Posten er av noko omfang i 2009 og 2010. Desse to åra er talet på tiltak med realvekst 13. Brageteatret i Drammen er på realvekstlista alle 7 åra, Akershus Teater 5 gonger. BIT-teatret i Bergen, Black Box teatret i Oslo og ungdomsteaterprosjektet Den Unge Scenen er på lista fire av dei sju åra. Største realveksten gjekk i 2009 og 2010 til Norsk Scenekunstbruk, som då fekk sine midlar over denne posten, med vel 4 mill. kroner per år. Brageteatret fekk ein realvekst på vel 3 mill. i 2010, BIT-teatret 2 mill. i 2009. Elles varierer tala mellom knapt 0,1 mill. til 1,5 mill. per tiltak og institusjon. I 2013 er det over denne posten gitt ein beskjeden realauke for Østfold teater og Dramatikkers hus, og noko større auke for Teatret Innlandet og Teatret Vårt til dekking av auka husleige.

Tilskota over post 50, 55 (og 56) Norsk kulturfond har i hovudsak gått til fire typar formål på scenekunstfeltet: tiltak og ordningar innanfor fri scenekunst med ein samla realvekst på ca. 14 mill. kroner i perioden, dansetiltak med 13,5 mill., gjestespel med vel 5 mill. og scenetekstutvikling med 2 mill. kroner.

Den uregjerlege post 74 er ein slags salderingspost, men med små beløp og relativt få tiltak innanfor scenekunsten. Unntaka er 2007 og 2009, då basisfinansieringa til fri scenekunst ligg på denne posten, med 6 mill. i 2007 og 5,6 mill. i 2009. I 2009 er det òg sett 3 mill. til historiske spel på denne posten. Nordic Black Theatre får til saman 1,2 mill. kroner i realvekst over tre åra. Elles ligg inne 0,9 mill. til Østfold teater eit år og til Danse- og teatersentrum 0,5 mill. over to år pluss nokre andre småbeløp.

I det store og heile er det stabilitet og føreseielegheit over utviklinga av realveksten i Kulturløftet innanfor området scenekunst. Oppbygginga av DNOB måtte sjølvstøtt prioriterast. Men det har òg vore ein betydeleg realvekst for R/L-teatra, delvis òg for R/D-operaer. Talet på institusjonar i desse to kategoriar har vore stabilt. Det har kome til éin ny institusjon per kategori. Det har òg vore ein bra realvekst til satsingar på dansen om lag heile perioden gjennom både budsjettet og, siste åra, gjennom Norsk kulturfond. Det same gjeld den frie scenekunsten.

12 Musikk

Musikkområdet er det mest varierte og minst institusjonsprega fagkapitlet på Kulturdepartementets budsjett. Samla realvekst i perioden på dette området er 381 mill. kroner, med 2009 som det klart “beste” året, med ein realvekst på knapt 100 mill. kroner. Realveksten fordeler seg slik etter institusjonstype og formål:

Tabell 12 *Realvekst Kulturløftet 2006-2012 på musikkområdet (mill. kroner)*

	Riks-konsert-ene	Nasjo-nale inst.	R/L-inst	Knute-punkts-inst.	Ymse faste formål	Norsk kultur-fond	Kap 320.74 Ymse	Sum
2006	-	-	2,0	-	5,0	8,3	6,7	22,0
2007	6,5	4,0	9,0	3,5	11,2	5,9	6,1	46,2
2008	0,0	6,0	16,1	6,2	14,0	0,7	7,6	50,6
2009	11,1	3,1	12,7	6,5	16,3	20,2	29,3	99,2
2010	-	15,5	21,1	1,7	17,6	7,6	0,5	64,0
2011	6,0	6,9	5,3	0,5	3,8	2,0	9,4	33,9
2012	3,0	-	15,0	3,4	1,8	7,4	4,3	34,9
2013	3,0	3,4	7,1	2,2	4,5	8,0	2,0	30,2
SUM	29,6	38,9	88,3	24,0	74,2	60,1	65,9	381,0

På musikkområdet er det dei fem R/L-institusjonane som har hatt størst realvekst. Også dei to “ymsepostane” har vakse godt.

Men lat oss starte med Rikskonsertene, som utviser ein større realvekst enn Riksteatret. Realveksten til Rikskonsertene er både i 2009 og 2011-13 basert på innfasing av spelemidlar, dvs. at realveksten er basert på den delen av overskotet til Norsk tipping som går til kulturformål. I 2007 er heller ikkje realveksten “reell”, men henta frå kap. 320, post 74 “Tilskot til lokale konsertinitiativ” og øyremerkt den store landsomfattande satsinga “Hele Norge Synger”

Dei *nasjonale* institusjonane på musikkområdet er Oslo-Filharmonien og Stiftelsen Harmonien (i Bergen), mens vi har *fem R/L institusjonar*; symfoniorkestra i Kristiansand, Stavanger, Trondheim og Nordnorsk Opera og Symfoniorkester, pluss Det Norske Blåseensemblet anno 1734 (Halden). For begge desse kategoriane er realveksten størst i 2010, men som vi alt har vist, var mykje av denne øyremerkt ikkje-kunstnarlege formål. Realveksttala vitnar om at oppbygginga av R/L-institusjonane har vore ei prioritert oppgåve innanfor den klassiske musikken. I løpet av desse åra har Norsk Opera og Symfoniorkester vorte bygt opp gjennom ein fusjon av Tromsø symfoniorkester, Bodø Sinfonetta, Musikkteater i Bodø, Opera Nord. Realveksten har vore likeleg fordelt på dei regionale symfoniske orkestertiltaka, medan Det Norske Blåseensemble, som er betydeleg mindre, har hatt ein lågare vekst i realløvyingane. Men alle tiltaka har hatt realvekst i minst fem av dei åtte åra i Kulturløftet.

Talet på *knutepunktinstitusjonar* er i dag 12, innanfor eit stort spekter av musikksjangrar i ulike delar av landet. I 2006 var det 7 knutepunktsinstitusjonar. I 2007 gjekk 3 av 3,5 mill. til oppbygging av nye knutepunktsfestivalar for blues og pop/rock. Realveksten var størst i 2008 og 2009 med tilskot til Olavsfestdagene (2,2 mill. kroner), Festspillene i Bergen (2,0), Mela-festivalen (1,7) Riddu-Riddu (1,5) desse to åra samla. I 2012 fekk Mela nye 1,3 mill. kroner (flytting av festivalen) og jazzfestivalen i Molde 1,0 mill., medan 0,6 gjekk til det nye knutepunktet for countrymusikk i Breim i Nordfjord I 2013 er det gitt realløvyingar (0,4-06 mill.) til fem festivalar (Mela, Riddu Riddu, Førdefestivalen, Norsk Country Treff og Molde Jazz).. 7 av dei 12 festivalane er i hovudsak innanfor den rytmiske musikken, 5 har hovudvekta på klassisk musikk, men i alle fall 2 av desse har (betydelege) innslag av rytmisk musikk.

Ymse faste formål dreier seg om post 78 på musikkapitlet. Midlane spreier seg over ei rekkje tiltak innanfor musikklivet. Best ut kjem Nasjonal Scene for folkemusikk og folkedans, som var bygt opp i Oslo i perioden. Frå post 78 vanka det ein samla løyvingsvekst på ca. 20 mill.

kroner, av dette 13,3 mill. i 2010. For 2013 får denne Riksscenen ein mill. friske midlar til drift. Elles har det gått 6,5 mill. kroner til planlegging og førebuinga av opplevingscenter for pop og rock i Trøndelag, og 3 mill. kroner til Nasjonal jazzscene i Oslo og til Rådet for folkemusikk og folkedans i Trondheim. Utover dette er det stort sett småbeløp til mange ulike tiltak over 1-3 år som er regelen. Unntaket er 4,1 mill. kroner i 2007 til ei nasjonal Griegmarkering, og 6,5 mill. kroner i 2009 til Arctic Orchestra (Nordnorsk Opera og Symfoniorkester).

Kulturfondsmidlane har særleg vorte nytta til utvikling av støtteordningar for musikarar og arrangørar innanfor den rytmiske musikken, basert på ei omlegging frå 2009 av den tidlegare TARP-ordninga. I alt har det gått ca. 28 friske mill. kroner til dette formålet i perioden. Innkjøpsordninga for fonogram har ein realvekst på 6,4 mill., festivalstøtte 5,5 mill. og ensemblestøtte 3,5 mill. kroner. Dei to sistnemnde for åra 2006 og 2007. Ei mangfaldsløyving for året 2009 høyrer òg med her. I 2013 er Kulturfondsmidlane øyremerkte utviding av festivalstøtteordninga (3 mill.), styrking av kor (3,6) og tiltaket «kjønnsbalanse i musikken (1 mill.).

Midlane på *post 74* varierer sterkt frå 500.000 kroner i 2010 til 29,3 mill. kroner i 2009. Formåla er mange. Størst er innsatsen mot det rytmiske musikkfeltet, uttrykt ved realløyvinga på knapt mill. kroner i 2009 til ei ny ordning for øvingslokale/bingar, anlegg/utstyr og musikkverkstader. Same året går det 3 mill. til kompetansesentra for rytmisk musikk. Satsinga på rytmisk musikk pregar denne posten alt i 2006 og 2007, då går mesteparten av løyvingane til dette formålet saman med ei nyordning for innkjøp av instrument til skulekorps. I 2009 er det òg sett av minst 9 mill. kroner til musikkformål i ein disposisjonspott (på 19 mill.) på post 79, kap. 320. Ein tilsvarande disposisjonspott i 2011 på 5,3 mill. kroner er i det alt vesentlege sett av til musikkformål, særleg til orkestra. Dei andre åra er denne disposisjonspotten ikkje fordelt til spesifiserte kulturområde. I 2013 er sett av 1 mill. over posten til korsatsing.

Talet på tiltak varierer frå 3 i 2002 til 20 i 2009. Dei første åra er tilskota til den rytmiske musikken store; Norgesnett, Musikkverkstadordninga, organisasjonar, Ungdommens kulturmønstring. Alt i 2006 vert det innført ei ordning med tilskot til kjøp av instrument til skulekorps, som får ei årleg vekst i tilskota på ca. 2,5 mill. fram til og med 2009. I 2009 vert det ytt små tilskot (0,1 til 0,9 mill. kroner) til ei rekkje ulike tiltak (organisasjonar, jazzsentra, nettverk, arrangement av ulik art osv.) Fleirtalet av tiltaka er berre innom denne posten i 2009. 2010 er eit "konsolideringsår". Musikkutstyrsordninga (frå 2009) vert kutta med 7,7 mill. kroner. Men dei nye kompetansesentra for rytmisk musikk får 1,9 mill. kroner og organisasjonen Music Export Norway 2,8 mill. I 2011 er USF Verftet i Bergen tilskotsvinnar med 2,3 mill. kroner, medan det i 2012 vert gitt 3 mill. kroner til ei korsatsing. Talet på tilskotspartar i desse to åra var 5 og 3. I 2013 er talet òg 3.

Oppsummert kan vi seie at innanfor den *klassiske musikken* har Kulturløftet gitt prioritet til R/L-institusjonane. Ein ny institusjon, bygd på tuftene av fleire tidlegare musikkføretak, er etablert i Nord-Noreg. Talet på *knutepunktsinstitusjonar* har vakse frå 7 til 12. Om lag halvparten av realveksten har gått til dei nye knutepunktsinstitusjonane, som alle er innanfor det *rytmiske musikkfeltet*. Dei friare midlane på musikkområdet har også i det vesentlege gått til den rytmiske musikken. Det gjeld blant anna oppbygginga av Nasjonal Scene for folkemusikk og folkedans, bidrag til Nasjonal Jazzscene og til førebuinga av opplevingscenteret for pop og rock. Det gjeld òg utviklinga av støtteordningar i Norsk kulturfond til musikarar og arrangørar, og festivalstøtta. På post 74 dreier det seg mest om

ordninga med musikkverkstader og musikkutstyr, til glede for det lokale musikklivet, og utviklinga av rytmiske kompetansesenter. Siste åra har det vore ei markert korsatsing.

Men det vert ytt tilskot frå dei frie midlane også til tiltak innanfor den klassiske musikken, jf. omtalen ovanfor. Vi kan likevel slå fast at i alle fall rundt 60 pst. av midlane på desse postane og på posten for knutepunktsfestivalar går til det rytmiske musikkfeltet.

På musikkfeltet har det, med midlar frå Kulturløftet, vakse fram og blitt etablert nye institusjonar. Det gjeld nyskipinga Nordnorsk Opera og Symfoniorkester, fem nye knutepunktsinstitusjonar og ei Nasjonal Scene for folkemusikk og dans. Også opplevingssentra for rock og pop i Trøndelag har vorte delfinansiert av midlar frå musikkapitlet. Det har òg vorte etablert fleire regionale kompetansesentra for rytmisk musikk. Ei omfattande støtteordning for musikarar og arrangørar er bygd ut. Omfanget av “frie” midlar (ymsepostar) er betydeleg mindre no enn i åra rundt 2009.

Oppsummering og hovudkonklusjonar

Sjå fremst i notatet